



## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Stord kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Stord rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	20.09.2023
<b>Tid:</b>	14:00

### Dagsplan for kontrollutvalet:

Kl. 14.00 Ny kommunedirektør presenterer seg, samt andre saker der administrasjonen er invitert til å vera tilstades.

Kl. 15.00 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet denne valperioden. Sakshandsaming held fram etter evalueringsarbeidet.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det blir innkalla vara for Tore Jubskås.

Fredrik Liltleskare  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Kommunedirektør/Rådmann

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/23 GK 8/23	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 22.05.2023 Politiske saker	2022/209	
PS 23/23 PS 24/23	Presentasjon av ny kommunedirektør i Stord kommune Kommunedirektøren orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS	2022/228 2022/230	
PS 25/23	Kommunedirektøren orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune	2022/230	
PS 26/23	Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2023 for Stord kommune	2022/230	
PS 27/23	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport	2023/355	
PS 28/23	Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - ny oppfølging	2022/279	
PS 29/23 PS 30/23	Forvaltningsrevisjon innan beredskap - ny oppfølging Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging	2022/248 2022/201	
PS 31/23 PS 32/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024 til 2028 - Bestilling av prosjektplan	2022/232 2023/391	
PS 33/23 PS 34/23 PS 35/23 PS 36/23	Budsjett 2024 for kontrollarbeidet i Stord kommune Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune Eventuelt Informasjon frå FKT sin fagkonferanse 2023. Referat saker	2022/229 2022/36 2022/28 2022/206	
RS 8/23	Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med psykisk utviklingshemming - utsett frist.	2022/154	
RS 9/23	Oversending av dokumentasjon til kontrollutvalet, ifm. tilsyn i barne- og avlastningsbustader	2022/244	
RS 10/23 RS 11/23	Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027 Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027, svar	2022/232 2022/232	
RS 12/23 RS 13/23	FKT Medlemsinfo juni 2023 Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027	2022/33 2022/33	

## **GK 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/209-35  
**Saksbehandlar:**Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	8/23	20.09.2023

### Godkjenning av møteprotokoll frå møte 22.05.2023

#### Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.05.2023 vert godkjent.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 22.05.23.pdf

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Stord kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Stord rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	22.05.2023
<b>Tid:</b>	14:00 - 15:15

**Følgjande faste medlemer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Liltleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Jubskås	MEDL	SP
Gunnhild Kristin Borlaug	MEDL	FRP

**Merknader**

Amram Hadida var innkalla som vara for Tore Jubskås, men møtte ikkje. Gunnhild K. Borlaug møtte heller ikkje. Møtestart vart utsett eit knapt kvarter for å finna ut om dei var undervegs. Dei beklaga då at dei ikkje hadde meldt avbod. Det var såleis tre møtande - akkurat nok til å vera vedtaksfør.

**Andre som møtte**

Namn	Stilling
Inge Espenes	Einingsleiar, Stord Hamnstell (sak PS 18/23)
Else Holst-Larsen	Partner i Deloitte AS
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Fredrik Liltleskare  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 5/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.04.2023	2022/209	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 18/23	Årsrekneskap og årsberetning 202 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet	2022/230	
PS 19/23	Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune 2022 - Uttale frå kontrollutvalet	2022/230	
PS 20/23	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Stord kommune	2022/256	
PS 21/23	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2022/36	
PS 22/23	Eventuelt	2022/28	
	<b>Referat saker</b>		
RS 6/23	Samarbeidsrådet for Sunnhordland - Repr.skap 28.04.23 referat	2022/261	
RS 7/23	Rapport frå tilsyn med helse- og omsorgstenester til barn i barne- og avlastningsbustader	2022/244	

## **GK 5/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **GK 6/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.04.2023**

#### **Forslag til vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.04.2023 vert godkjent.

### **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.04.2023 vert godkjent.

## **PS 18/23 Årsrekneskap og årsberetning 2022 for Stord hamn - Uttale frå kontrollutvalet**

#### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2022 har driftsinntekter på kr. 17 162 000 og eit netto driftsresultat er på kr 2 842 000. Det gjev eit driftsresultat på 16,56 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2022, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling og/eller via formannskapet.

## **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Einingsleiar Stord Hamneshell, Inge Espenes, orienterte om årsmeldinga. Partner i Deloitte Else Holst-Larsen orienterte om revisjonsarbeidet.

I ordsiftet mellom utval, administrasjon og revisor, var ein bl.a. innom dette:

- Variable inntekter for hamneshellet, men godt resultat i 2022.
- Sårbart med få tilsette. Heldigvis lågt sjukefråvær.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Uttale**

- Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2022 har driftsinntekter på kr. 17 162 000 og eit netto driftsresultat er på kr 2 842 000. Det gjev eit driftsresultat på 16,56 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
- Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2022, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
- Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling og/eller via formannskapet.

## **PS 19/23 Årsrekneskap og årsberetning Stord kommune 2022 - Uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i utvalet sitt møte 20.09.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

## **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Det var ingen frå administrasjonen som møtte i denne saka, for å orientera om årsrekneskapen. Revisor orienterte om revisjonsarbeidet.

I ordsiftet mellom utval og revisor, var ein bl.a. innom dette:

- Rekneskap og avstemmingar var ikkje levert rettidig til revisjon. Det var varsla på førehand.
- Ved attestasjonsoppgåver er det viktig at all naudsynt dokumentasjon vert levert samla, for å unngå forseinking og ny gjennomgang for revisor.
- Leveringar var likevel blitt monaleg betre siste året.

Etter sams drøfting i kontrollutvalet kom det slikt tilleggforslag:



Kontrollutvalet er uroa over utviklinga innan:

- Svekkja driftsresultat siste åra; (2020: 4,01% | 2021: 1,97% og 2022: 0,11%). TBU anbefaling er 1,75%.
- Auka lånegjeld som pr 31.12.2022 er på 3,115 milliard kroner. Korrigert for utlån og ubrukta lånemidlar er lånegjelda 2,654 milliard kroner. Korrigert tal er anbefalt av Riksrevisjonen å ligga under 75% av driftinntektene. For Stord kommune: (2015: 99,4% | 2016: 102,4% | 2017: 109,9% | 2018: 123,1% | 2019: 126,8% | 2020: 127,5% | 2021: 137,8% og 2022: 144,9%).
- Framleis høgt sjukefråvær, særleg innan omsorgssektoren (opp mot 16%).

Med desse endringane i uttalen, vart forslag til vedtak samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2022.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i utvalet sitt møte 20.09.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.
3. Kontrollutvalet er uroa over utviklinga innan:
  - Svekkja driftsresultat siste åra. (2020: 4,01% | 2021: 1,97% og 2022: 0,11%), TBU anbefaling er 1,75%.
  - Auka lånegjeld som pr 31.12.2022 er på 3,115 milliard kroner. Korrigert for utlån og ubrukta lånemidlar er lånegjelda 2,654 milliard kroner. Korrigert tal er anbefalt av Riksrevisjonen å ligga under 75% av driftinntektene. For Stord kommune: (2015: 99,4% | 2016: 102,4% | 2017: 109,9% | 2018: 123,1% | 2019: 126,8% | 2020: 127,5% | 2021: 137,8% og 2022: 144,9%).
  - Framleis høgt sjukefråvær, særleg innan omsorgssektoren (opp mot 16%).

## **PS 20/23 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Stord kommune** **Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

### **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Partner Else Holst-Larsen i Deloitte AS orienterte om uavhengighetserklæringa. Ho opplyste og om at Deloitte hadde hatt eit mindre oppdrag for kommunen i 2023, ut over det som var bestilt av kontrollutvalet. Utvalet fann ikkje det problematisk ift. uavhengigheten, basert på dei opplysningane som vart gjevne.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

## **PS 21/23 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet merka seg at kommunestyret 11.05.23 vedtok kontrollutvalet si innstilling i desse sakene:

- PS 12/23 Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming - rapport.
- PS 13/23 Kontrollutvalet - årsmelding 2022.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **PS 22/23 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

## **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Utvalet var innom desse sakene:

#### **A) Vedr. FKT fagkonferanse 31.05.23 til 01.06.23.**

Utvalseiar er hindra frå å reisa. Gunnhild K. Borlaug stiller i hans plass.

#### **B) Henvending av 20.04.23.**

Utvalseiar orienterte om ei henvending. På grunnlag av henvendinga sin art, vart møtet samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 3. ledd pkt. a, ved handsaming av saka, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13. Utvalseiar orienterte om henvending. Utvalet meinte dette var ei einskiltsak som ikkje var aktuell for kontrollutvalet å gå inn i.

#### **C) Ny henvending relatert til sak PS 17/23 - D.**

Utvalseiar orienterte om ei ny henvending, relatert til utvalet si handsaming av sak PS 17/23 Eventuelt, underpunkt D. På grunnlag av henvendinga sin art, vart møtet samrøystes lukka med

heimel i kommunelova § 11-5, 3. ledd pkt. a, ved handsaming av saka, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13. Utvalsleiar orienterte om henvending og informasjon han hadde om det som var teke opp. Utvalet meinte det ikkje kom fram nye opplysningar i orienteringa, som gav grunnlag for å gjennopta saka i kontrollutvalet.

Vedtak i pkt. A, B og C var samrøystes.

#### **Vedtak**

##### **A) Vedr. FKT fagkonferanse 31.05.23 til 01.06.23.**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

##### **B) Henvending av 20.04.23**

Kontrollutvalet meiner henvendinga gjeld ei einskiltsak som kontrollutvalet ikkje finn det rett å gå inn i. Utvalet seier seg ferdig med saka.

##### **C) Ny henvending relatert til sak PS 17/23 - D.**

Kontrollutvalet seier seg ferdig med saka, slik det og går fram av sak PS 17/23 Eventuelt, underpunkt D.

### **RS 6/23 Samarbeidsrådet for Sunnhordland - Repr.skap 28.04.23 referat**

#### **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

##### **Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

### **RS 7/23 Rapport frå tilsyn med helse- og omsorgstenester til barn i barne- og avlastningsbustader**

#### **Saksprotokoll 22.05.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet**

##### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet ønskjer kopi av Stord kommune sitt svar til Statsforvaltaren i Vestland, og Statsforvaltaren si tilbakemelding på svaret.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber om kopi av Stord kommune sitt svar til Statsforvaltaren i Vestland, og Statsforvaltaren si tilbakemelding på svaret.



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/228-29  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	23/23	20.09.2023

### Presentasjon av ny kommunedirektør i Stord kommune

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for motteken informasjon / presentasjon.

#### Samandrag

Sekretariatet har i samråd med kontrollutvalsleiar invitert ny kommunedirektør til å koma og presentere seg for utvalet. Kommunedirektør Tommy Johansen har i epost til sekretariatet av 15.08.23 stadfesta at han kjem 20.09.23.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Ny kommunedirektør, Tommy Johansen, mottok slik e-post frå sekretariatet 15.08.23:

Velkomen som ny kommunedirektør i Stord kommune!

«I samråd med leiar i kontrollutvalet, Fredrik Litleskare, vil kontrollutvalet med dette invitera deg til møte 20.09.23 kl. 14.00 i kommunestyresalen.  
(Inviterer her, sjølv om eg har fått opplyst at første arbeidsdag er 21.08.23. Dette av omsyn til heilskapen i saker / e-post utsendingar som gjeld kontrollutvalet sitt neste møte)

Denne henvendinga er primært eit ønskje om at ny kommunedirektør presenterer seg for utvalet. Sekundært at du og er tilstades i saker der kommuneadministrasjonen legg fram informasjon.

Det vert i dag også sendt e-post med oversyn over bestillingar, der dei fleste munnar ut i politisk sak eller referatsak i same møte. Her kan kommunedirektøren velja å møta åleine, be nokon om å møta i sin plass eller møta saman med ein eller fleire medarbeidarar.

Dessutan vert det i dag sendt e-post med invitasjon til ordførar og kommunedirektør og/eller konstituert rådmann om å delta på evaluering av kontrollutvalsarbeidet 2019 – 2023. Det er tenkt kl. 15.00.

Dersom kommunedirektøren ønskjer meir informasjon om kontrollutvalsarbeidet før møtet, eller i etterkant, vert dette nemnt:

- Stord kommune si nettside, Link:  
<https://www.stord.kommune.no/kontrollutvalet.427553.nn.html>
- Kontrollutvalsboka 3. utgåve, utgjeve av KDD, link:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalsboka/id2893214/>

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Det er av sams nytte å ha god dialog mellom kontrollutval, sekretariat, revisjon, kommunedirektør og politisk leiing. Såleis er det hyggeleg å bli betre kjent med ny kommunedirektør relativt tidleg etter tiltreding.

Nemnte kontrollutvalsbok (overfor) er ein rettleiar for kontrollutvalsarbeidet. Kontrollutvalsboka, 3. utgåve, side 30 omhandlar kommunedirektøren sin internkontroll. På side 31 i kontrollutvalsboka er med eit avsnitt om samspel og dialog:

#### «Samspel og dialog mellom kontrollutvalet og kommunedirektøren

Administrasjonen og kontrollutvalet har eit felles ansvar for å leggje til rette for ein god dialog og eit godt samspel. Både administrasjonen og kontrollutvalet har som mål å sikre god kvalitet i tenesteproduksjonen og medverke til læring og forbetring i kommunen. Begge partar har difor interesse av at samarbeidet er godt. Ein god dialog mellom kontrollutvalet og kommunedirektøren kan sikre betre prioritering og planlegging av undersøkingane kontrollutvalet gjennomfører.

«En forutsetning for god samhandling mellom administrasjonen, kommunerevisjonen og kontrollkomiteen er gjensidig respekt for hverandres roller. At man har en felles forståelse for at målet er en positiv utvikling for kommunen. Administrasjonen er synlig til stede på Kontrollkomiteens møter for å svare på spørsmål.» (Kontrollutvalsleiar)

Kommunedirektøren er den viktigaste kjelda til informasjon om internkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet bør difor invitere administrasjonen til å orientere utvalet om aktuelle problemstillingar knytte til internkontrollen. Ein bør også sende kommunedirektøren kontrollutvalet si møteinnkalling til orientering.»

### **Konklusjon**

Kontrollutvalet og kommunedirektøren ser gjensidig fram til å møta einannan 20.09.2023.



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/230-75  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	24/23	20.09.2023

### Kommunedirektøren orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

#### Samandrag

Føremålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Revisjonsrapport nr 4 for Stord kommune for 2022.pdf

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

På kontrollutvalet sitt møte 22.05.23, sak PS 19/23 om årsrekneskap mv. for Stord kommune, fatta utvalet slik vedtak i pkt. 2:

«På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i utvalet sitt møte 20.09.2023 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.»

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

Kommunedirektøren / rådmannen er altså beden om å koma i dette møtet for å gjere greie for status for oppfølging av denne rapporten, ref. pkt. 2 i vedtaket over. Det følgjer og av e-post sendt 15.08.23, med oversikt over oppfølgingssaker frå kommuneadministrasjonen til kontrollutvalet sitt møte 20.09.23.

### Konklusjon

Det vert som utgangspunkt tilrådd å ta informasjonen til orientering.

Ut frå det som kjem fram i kommunedirektøren / rådmannen si orientering, må utvalet vurderer om ein bør føya til noko eller konkludera annleis.



Stord Kommune  
v/Kontrollutvalet  
pb 304  
5402 Stord

14. april 2023

Revisjonsrapport nr 4

## REVISJON AV ÅRSREKNESKAPEN FOR REKNEKAPSÅRET 2022

### Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for Stord kommune og Stord Hamn for 2022, og vil nytta høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet, og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

### Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapen i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder og for rekneskapsposter kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjeret.

I årsoppgjersrevisjonen har vi verifisert alle vesentlege balansetal og revidert obligatoriske oppstillingar og noter.

Vi har ved våre revisjonshandlingar ikkje funnet vesentlige formelle eller materielle feil i den framlagte rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte forhold nedanfor.

## 2. Ikkje vesentlege, ikkje korrigerde feil

### Stord Hamn


- Manglande avskrivning av tilganger 2021. Avskrivning av nye driftsmidlar skal starte året etter anskaffinga. Stord Hamn har ikkje starta avskrivning av anskaffingar frå 2021 i 2022. Dette påverkar ikkje årets resultat sidan avskrivningar og blir tilbakeført i rekneskapen.
- Det er betalt om lag 155.000 for lite avdrag i forhold til berekna minimumsavdrag. Dette er korrigert i rekneskapen med ein avsetning, slik at feilen ikkje påverkar resultatet.
- Det er avsatt arbeidsgiveravgift på netto pensjonsmidlar, det skal berre settast av for arbeidsgjevaravgift dersom det er ei netto forplikting.

### Stord kommune

- Tap på finansielle omløpsmidler er klassifisert saman med renteinntekter slik at desse er redusert tilsvarande.

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor står vi gjerne til teneste.

Med vennleg helsing  
Deloitte AS



Else Holst-Larsen  
Statsautorisert revisor

Kopi Kommunedirektør



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/230-80  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	25/23	20.09.2023

## Kommunedirektøren orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar kommunedirektøren si orientering om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune til orientering.
2. Utvalet seier seg i denne omgangen nøgd med informasjonen som er gjeven.
3. Utvalet ønskjer at vedlagt skriv av 31.08.23, med fokus på kommunal økonomisk berekraft, vert vidaresendt til kommunestyret som referatsak.

### Samandrag

Dette er andre orienteringa kontrollutvalet får på dette saksfeltet. Kontrollutvalet vil i denne saka få mogelegheit til å bli oppdatert om Stord kommune sitt arbeid med kommunal økonomisk berekraft.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Vedtak rådmannen orienterer om kommunal økonomisk berekraft

Vedlegg 1 i saka har eigne vedlegg, heile 50 i talet. Desse er sendt i eigne e-postar til kontrollutvalet, samt andre som mottar innkalling til KUV-møte, og vil bli gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk berekraft (KØB). Det blir i den samanheng vist til kommunelova §§ 14-1 og 14-2.

### **Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunen.**

Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelse kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunal økonomisk berekraft (KØB).

### **For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:**

*Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta*

- a) *økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) *årsregnskapene og årsberetningene*
- c) *finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) *regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) *regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

### **Videre står det i kommunelova § 23-2 m.a. dette:**

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) *Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *Det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

### **Kontrollutvalet behandla sak om kommunal økonomisk berekraft 02.12.2021 og vedtok i sak PS 42/21 følgjande:**

1. Kontrollutvalet ber rådmannen koma i møte 26.04.2022 for å gjera greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune.
2. Orienteringa kan m.a. innehalde informasjon om status på:
  1. Finansielle måltal
  2. Aktuelle regelverk
  3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på t.d.:
    - a) Kommunale bygningar?
    - b) Kommunale vegar, inkludert tunellar og bruer?
    - c) Kommunale kaianlegg?
    - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avlaup
  4. Er det laga planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn igjen?
  5. Er rådmannen komfortabel med situasjonen på desse områda?

3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert send sekretariatet innan 04.04.2022.

**Det vart orientert i kontrollutvalet sitt møte 23.05.22, sak PS 17/22, der det vart gjort slik vedtak:**

1. Kontrollutvalet tar rådmannen si orientering om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune til orientering.
2. Utvalet ber om ei ny orientering frå rådmannen i første kontrollutvalsmøte i 2023, med frist for levering av notat til sekretariatet innan 3 veker før møtet.

**Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at utvalet skal sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og kontrollere at den økonomiske forvaltninga vert ivareteken i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

**Vurderingar og verknader**Første orientering i møte 23.05.22.

Bl.a. dette vart protokollert under handsaming i møte:

«Rådmann Magnus Mjør, og økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø orienterte om kommunal økonomisk berekraft (KØB) i Stord kommune. Av presentasjonen, som utvalsmedlemmane får tilsendt etter møtet, går bl.a. dette fram:

- Stord kommune har som mål at netto driftsresultat skal tilsvare nettoinntekt frå eigedomsskatten, men har opning for at inntil 11% av eigedomsskatten kan brukast til verdibevarande vedlikehald og frivillige organisasjonar. Minimum netto driftsresultat skal vera 1,75% av driftsinntektene.
- Stord kommune har som målsetting å byggja opp eit disposisjonsfond tilsvarande 2% av driftsinntektene.
- Kommunestyret har som målsetting at premieavviket ikkje skal auka ut over nivået ved årsskiftet 2016-2017, maksimalt kr. 69,252 millionar
- Gjeldsnivået er høgt - renteauke vil ramma hardt - det er ikkje kommunalt måltal for kor høgt gjeldsnivået kan vera.
- Vedlikehaldsetterslepet vert i hovudsak å sjå på til hausten.»

Andre orientering i møte 14.02.23.

Til dette møtet er det motteke fleire dokument som sakstilfang. Desse vert sendt ut i eigen e-post, parallelt med innkalling til møtet.

Følgjeskriv om kommunal økonomisk bæreevne i Stord kommune, har desse vedlegga:

- 1 Orientering om kommunal økonomisk bæreevne
- 2 Rapport - barnehagar
- 3 Rapport - kulturbygg
- 4 Rapport - Skular
- 5 Kostnader - vedlikhaldsetterslep

Dette sakstilfanget syner at Stord kommune er kome monaleg lenger med arbeid relatert til kommunal økonomisk berekraft sidan førre orientering.

Sekretariatet merkar seg bl.a. dette frå orienteringa i vedlegg 1:

*«Rådmannen er bedt om å koma attende til kontrollutvalet med ei orientering rundt etterslep på vedlikehald av kommunale bygg, og ei orientering om nye måltal for Stord kommune.*

*Vedlagt ligg oversikt som syner vedlikehaldsetterslepet i kroner og tilstandsrapportar utført i 2022 for dei fem kommunale barnehagane, fem av ti grunnskular og Kulturhuset.*

*Samla syner oversikten eit vedlikehaldsetterslep for desse bygga på 73,7 mill. kr der 46 mill. kr er etterslepet knytt til Kulturhuset som er over 40 år. I tillegg syner vedlegget dei bygg og eigedelar som ikkje er vurdert enno.*

*Stord kommune har hatt stramme budsjett over mange år, og kostnader til vedlikehald har blitt redusert på lik linje med andre kostnadspostar.»*

Vidare er det orientert om nye måltal og reflektert rundt økonomisk bæreevne.

### Tredje orientering i møte 20.09.23.

#### **Sekretariatet si innleiing**

Kontrollutvalet bad om ny orientering i sitt septembermøte, med frist for administrasjonen om å senda notat eller skriftleg tilfang innan 31.08.23. Sekretariatet mottok vedlagt skriv innan fristen.

Innleiingsvis i vedlegget er det med opplysningar om revisjonsrapport nr. 4, jmf. eiga sak til kontrollutvalet sitt møte.

Vedlegget i saka har også egne vedlegg - heile 50 i talet, som er lista opp. Desse er for omfattande (for mange kb.) til å få innarbeidd i saksheftet, og vert derfor sendt i egne e-postar til kontrollutvalet, samt andre som mottar innkalling til KUV-møte. Dei vil bli gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

#### **Vedlikehaldsetterslep bygg.**

Dei 50 vedlegga er ei skjematisk tilstandsvurderingar om vedlikehaldsetterslep for mange kommunale bygg. Skjemaene har ei innleiing der dato for tilstandsvurdering går fram. Så er det ein hovuddel, med «oppsummering av tilstand». Sakshandsamar har kontakta Stord kommune, tekniske tenester om kva det inneber i dei tilfella der hovuddelen ikkje er fylt ut. Svaret er at det då ikkje er noko vedlikehaldsetterslep. Dette gjeld fleire bygg av nyare dato. Totalt sett er det kartlagt at Stord kommune har vedlikehaldsetterslep på kr. 157,4 mill. kr. relatert til bygg.

#### **Vedlikehaldsetterslep veg.**

Innafor vegsektoren er det slik oppsummering i vedlegget:

«Berekna etterslep etter vedlagt rapport er berekna til 137 mill. kr. Minimumsløyving for å ikkje auke etterslepet på asfaltering slik vegnettet er no, er rekna til 7,5 mill. kr berre for asfaltering. Dette er 1,3 mill. meir enn det som ligg i økonomiplanen for 2023-2026. Rapporten konkluderer også med at det bør løyvast 21 mill. kr for å heve vegstandarden i kommunen, og minimum 11 mill. kr for å halde same standard som i dag.»

#### **Økonomiske nøkkeltal**

Det vert og gjort merksam på at Stord kommune no har fleire økonomiske nøkkeltal, som går fram av vedlegg i saka.

#### **Kommunedirektøren sin vurdering og konklusjon**

Avslutningsvis i vedlegget er det slik vurdering og konklusjon:

«Gjeldsgraden i Stord kommune er høg og melde behov for nye investeringar er stor. Ein har den siste tida også sett at byggekostnaden ved nye bygg er høge. Det er difor enno viktigare at kommunen tek vare på dei bygga ein faktisk har, slik at ein unngår dyre investeringar i framtida. Investeringar som blir gjort i dag, må også vedlikehaldas i morgon. Kommunedirektøren ser difor alvorleg på situasjonen kommunen er i med omsyn til økonomiske prioriteringar framover. Kommunedirektøren vil ta med dette i sine vurderingar og vidare tilrådingar.»

#### **Sekretariatet si oppsummering.**

Det synest som at kontrollutvalet har sett fingren på eit viktig område, ved å etterspørja dei opplysningane som kjem fram gjennom tre orienteringar – skriftleg og munnleg – frå administrasjonen. Utvalet kan gjerne stoppa opp no som kartlegging er føreteken og informasjon er gjeven. Men sekretariatet tilrår og at oppsummerande informasjon vert vidare sendt til kommunestyret, td. i form av vedlegget i saka, med fokus på kommunal økonomisk berekraft.

**Konklusjon**

Det vert lagt opp til orientering og drøfting rundt økonomisk berekraft / bæreevne i møtet.

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 31.08.2023

Vår ref: 2022/4303

Dykkar ref:

## **Vedtak Rådmannen orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune**

Kommunedirektøren vil i dette skrivet gjere greie for oppfølginga av punkta i revisjonsrapport nummer 4 og oppdatere orienteringa gjort i kontrollutvalet 14. februar med oppdaterte opplysningar.

### **Oppfølging av revisjonsrapport nummer 4.**

Ikkje vesentlege, ikkje korrigerede feil kommentert av Deloitte AS:

Stord hamn

- For lite betalt minimumsavdrag er fakturert frå Stord kommune til Stord hamn 21.08.23. med kr 155 000.
- Manglande avskrivning av tilgangar i 2021 vil bli retta i avskrivningar i 2023
- Avsetning av arbeidsgjevaravgift på netto pensjonsmidlar vil bli retta i 2023

Stord kommune

- Eigen konto for tap på finansielle omløpsmidlar blir tatt i bruk frå 2023

### **Kommunal økonomisk berekraft**

Viser til sak 2022/230-54 – Rådmannen orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune

Kommunal økonomisk berekraft handlar om at kommunen skal ha ein økonomi og ei økonomisk styring som gjev grunnlag for forsvarleg drift av tenestene kommunen er pålagt å levere innbyggjarane over langt tid. Dette måler ein gjerne ved hjelp av økonomiske nøkkeltal. Det er utarbeida råd til kor høge/låge desse nøkkeltala skal være.

I møtet i Kontrollutvalet 14.02.23 var ikkje nøkkeltal for 2022 klare. Kommunedirektøren kan no gje oppdatert status på viktige økonomiske nøkkeltal og gjere greie for det vidare arbeidet som er gjort for å avdekke etterslep på vedlikehald.

Kommunedirektøren  
Postboks 304  
5402 STORD  
Org. nr 939 866 914

Telefon:



## Økonomiske nøkkeltal

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter:	0,6 prosent (Snitt for Kostragr. 7: 2,1%)
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter:	7,4 prosent (Snitt for Kostragr. 7: 12,8%)
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter:	145,8 prosent (Snitt for Kostragr. 7: 101,7%)
Frie inntekter per innbyggjar:	65 356 kroner (Snitt for Kostragr. 7: 65 324)

Det er verdt å merke seg at det er ulik praksis for om vatn og avløp er finansiert gjennom kommunen eller i egne selskap. Dette kan påverke korleis lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter ser ut for kommunar me samanliknar oss med. Netto lånegjeld, med fråtrekk av gjeld knytt til VA, i prosent av brutto inntekt, med fråtrekk for VA inntekter, er 89 prosent

Anbefalte nøkkeltal er:

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter:	1,75 prosent
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter:	5-10 prosent
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter:	75 prosent

## Oppsummering vedlikehaldsetterslep veg

Berekna etterslep etter vedlagt rapport er berekna til 137 mill. kr. Minimumsløyving for å ikkje auke etterslepet på asfaltering slik vegnettet er no, er rekna til 7,5 mill. kr berre for asfaltering. Dette er 1,3 mill. meir enn det som ligg i økonomiplanen for 2023-2026. Rapporten konkluderer også med at det bør løyvast 21 mill. kr for å heve vegstandarden i kommunen, og minimum 11 mill. kr for å halde same standard som i dag.

## Oppsummert vedlikehaldsetterslep bygg

Totalt viser den oppdaterte oversikten eit etterslep på 157,4 mill. kr.

## Vurdering og konklusjon

Gjeldsgraden i Stord kommune er høg og melde behov for nye investeringar er stor. Ein har den siste tida også sett at byggekostnaden ved nye bygg er høge. Det er difor enno viktigare at kommunen tek vare på dei bygga ein faktisk har, slik at ein unngår dyre investeringar i framtida. Investeringar som blir gjort i dag, må også vedlikehaldas i morgon. Kommunedirektøren ser difor alvorleg på situasjonen kommunen er i med omsyn til økonomiske prioriteringar framover. Kommunedirektøren vil ta med dette i sine vurderingar og vidare tilrådingar.

Med helsing

Marianne Heggholmen Aarbø  
Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskriftVedlegg  
1 Oversikt tilstandsvurdering formålsbygg 2021-2023

2	Oversikt tilstandsvurdering av formålsbygg 2023
3	Tilstandsvurdering Annet
4	Knutsatunet
5	Legevaktbygget
6	Myro lågterskel tilbod
7	Tilstandsvurdering kombinasjonsbygg
8	Knutsåsen omsorgssenter
9	Sævarhagen dagsenter- adm. bygg
10	Rehabiliteringssenter
11	Tilstandsvurdering sjukeheimar
12	Stord sjukeheim - Bygg A
13	Stord Sjukeheim - Bygg B - Backertunet
14	Stord Sjukeheim - Bygg C - Kringsjå 8
15	Tilstandsvurdering brannstasjon
16	Rapport - brannstasjon Vabakkjen
17	Tilstandsvurdering idrettsbygg
18	Prestegardsskogen fleirbrukshall
19	Stord idrettspark Vikahaugane
20	Pistolbane Prestegardsskogen
21	Tilstandsvurdering administrasjons- og kontorbygg
22	Blåbygget
23	Industribygg Litlabø
24	Rådhuset
25	SKE bygg Heiane
26	SKE bygg Sentrum
27	Tilstandsvurdering Omsorgsbygg
28	Bandadalsplassen
29	Vidsteenhuset
30	Dagaktivitetshuset
31	Paktarhuset mfl.
32	Tilstandsvurdering Kulturbygg
33	Kulturhuset
34	Hagerupshuset
35	Tilstandsvurdering av skular
36	Hystad skule - Gymbygg
37	Hystad skule - Hovudbygg
38	Hystad skule - Huset i skogen
39	Hystad skule - Hystadhuset
40	Hystad skule - Litla landskap
41	Hystad skule - Midtbygget
42	Hystad skule- Valdaihuset
43	Leirvik skule - Hovudbygg
44	Leirvik skule - 6 års bygg
45	Tjødnaio Skule
46	Rommetveit skule - 6 års tilbod
47	Rommetveit skule - Administ
48	Rommetveit skule - Gamlebygg
49	Rommetveit skule - Gymbygg
50	Rommetveit skule - Mellombygg



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/230-76  
**Saksbehandlar:**Hogne Haktorson

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	26/23	20.09.2023

**Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2023 for Stord kommune****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2023 vert klar til behandling i møte kontrollutvalet 04.12.2023 med frist for levering til sekretariatet 15.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

**Samandrag**

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, Deloitte AS, presentere sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, kva som er gjort av rekneskapsrevisjon så langt og risiko- og vesentlegvurdering dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll for 2023.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Stord - Revisjonsplan og risikovurdering 2023.pptx
- 2 Forenkla etterlevingskontroll - risiko- og vesentlegheitsvurdering Stord 2023.pptx

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har m.a. ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i hkkommunen på ein tryggande måte. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

### Vurderingar og verknader

Etter sekretariatet si oppfatning er Deloitte sin revisjonsplan 2023 og revisor si risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll for 2023 to sider av same sak. Det er difor naturleg at desse to tilhøva vert handsama i same sak.

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan, informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt og risiko- og vesentlegvurdering i høve forenkla etterlevingskontroll som skal utførast i 2023, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskarar vert revidert på ein tryggande måte. Sekretariatet har motteke frå Deloitte «Stord - Revisjonsplan og risikovurdering 2023», vedlegg 1. Vidare har vi motteke dokumentet «Forenkla etterlevingskontroll - risiko- og vesentlegheitsvurdering Stord 2023», vedlegg 2. Dette vil danna utgangspunkt for presentasjon og diskusjon i møtet.

Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i høve kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll er det naturleg at Deloitte legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som

årsrekneskapen for 2023 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimisrevisjonen og etterlevingskontrollen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset dei endelege fokusområda.

Etter planen skal interimisrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 04.12.2023.

### **Konklusjon**

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimisrevisjonsrapport 2023 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 04.12.2023, med frist for levering til sekretariatet innan 15.11.2023.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2023 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.



Revisjonsplan og risikovurdering 2023

Stord kommune




MAKING AN  
IMPACT THAT  
MATTERS  
*since 1845*

# Revisjonsplan

Stord kommune 2023

September



Revisjonsplan, risikovurdering revisjon og risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga vert handsama i kontrollutvalet  
Møte med administrasjonen om rutiner og forbedringer.

Oktober



Interimrevisjon

Oppstartsmøte med rådmann og administrasjon  
Kartlegging av rutiner og testing av kontrollar  
Detaljkontrollar inntekter og utgifter

November



Oppsummering interimrevisjon vert handsama i kontrollutvalget

Mars/April



Årsoppgjer

Balansepostar  
Årsmelding  
Konsolidert rekneskap  
Forenkla etterlevingskontroll økonomiforvaltning

April/Mai



Årsmelding, årsrekneskap, revisjonsmelding, revisjonsrapport og uttale frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga vert handsama i kontrollutvalet

Attestasjonar

# Risikovurdering

Stord kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Inntekter	Predefinert høg risiko knytt til inntekter. Mange transaksjoner av ulik art og mogleg incentiv for mislegheiter knytt til inntektsføring.	
Meirverdiavgift	Komplisert regelverk, mange transaksjonar, mange tilsette involvert i prosessering av inngåande faktura og utfakturering. Risiko for forelding ved meirverdiavgiftskompensasjon og at kommunen urettmessig gjer krav på kompensasjon.	
Pensjon	Vesentlege forpliktingar og midlar, kompliserte regelverk og rekneskapsmessig behandling, viktig for den enkelte tilsett at opplysingar er korrekt registrerte hos pensjonsleverandør.	
Skillet investering/drift	Forskrift og standard regulerar avgrensing. Vesentleg for adgang til lånefinansiering.	
Utgifter	Risiko knytt til regelverk for offentleg anskaffing og mange tilsette involvert i prosessering av inngåande faktura.	
Anleggsmidlar	Vesentlege verdjar. Risiko for feilaktig aktivering og manglande avskrivningar. Store investeringar.	




# Risikovurdering

Stord kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Bank	Risiko knytt til tilgong til bankkontoar og utbetalingsrutiner.	
Låneopptak	Låneopptak vert regulert av kommunelov og heradsstyret sitt budsjettvedtak. Minimumsavdrag viktig storleik.	
Bundne fond	Risiko for at avsetjing og bruk ikkje er iht. lov, forskrift eller gjevar sine vilkår.	
Avslutting av regnskapet	Risiko for feil bruk av strykingsregler	
Offentlege avgifter	Mangelfulle avstemmingsrutiner i 2022.	
Reiseutgifter	Ikkje vesentlege avvik seinare år.	

# Risikovurdering

Stord kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Løn	Svært mange transaksjonar gjev liten risiko for vesentlege feil. Velfungerande prosess og kontrollar.	
Aksjar og andelar	Risiko for verdsetjing.	
Andre kortsiktige fordringar	Risiko for eksistens og verdsetjing.	
Annan kortsiktig gjeld	Risiko for fullstendigheit.	
Leverandørgjeld	Risiko for fullstendigheit og periodisering (sett i samanheng med periodisering utgifter).	
Kundefordringar	Fordringsmasse består av mange mindre fordringar, liten risiko for vesentlege feil. Rutiner for purring og tapsavsetjing og tryggleik for krav gjennom legalpant for kommunale avgifter og eigedomsskatt.	
Noteopplysingar	Risiko for at notar inneholder feil eller at forskriftsbestemte noteopplysingar manglar.	



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 345,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.

Forenkla  
etterlevingskontroll med  
økonomiforvaltninga  
- risiko og  
vesentlegheitsvurdering



# Forenkla etterlevingskontroll

- rekneskapsrevisor medverker til at kontrollutvalet får hjelp til å dekke sitt ansvar for å sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak.


## Kommunelova § 24 -9:

Rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen eller fylkeskommunen si økonomiforvaltning i hovudsak foregår i samsvar med bestemmelsar og vedtak.

Revisor skal basera oppgåva på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering, som skal leggest fram for kontrollutvalet.

Revisor skal seinast 30. juni avgje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet,..., om resultatet av kontrollen.

## RSK 301: Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen



# Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Stord kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Refusjon sjukepengar	<p>Risiko for at :</p> <ul style="list-style-type: none"><li>kommunen ikkje har rutiner som sikrar at krav på refusjon sjukepengar vert handsama tidsriktig og at krav derfor kan gå tapt</li><li>kommunen ikkje har rutiner for tapsføring av forelda krav på sjukepengar</li></ul>	
Sjølvkost	<p>Risiko for at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>sjølvkostområda vert belasta utgifter som ikkje er relevante</li><li>kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for vurdering av kostnadseffektivitet på sjølvkostområdet</li><li>kommunen ikkje har ei forvaltning av sjølvkostfonda som er i tråd med lov og forskrift (nedbygging innan fem år)</li></ul>	
Tilskot	<p>Risiko for at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>kommunen ikkje søker på aktuelle tilskot</li><li>kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner rapportering knytt til tilskot</li><li>Kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for føring av prosjektrekneskap</li></ul>	

# Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Stord kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Investeringsprosjekt	<p>Risiko for at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for prosjektstyring</li><li>• det ikkje vert ført prosjektrekneskap</li><li>• investeringsprosjekt har vesentlege overskridingar</li></ul>	
Innkjøp	<p>Risiko for at kommunen ikkje følgjer:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• regelverket om offentlig anskaffing</li><li>• interne rutiner for innkjøp</li></ul>	
Budsjettavvik	<p>Risiko for at kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner ved budsjettavvik, herunder at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• einingar med vesentlege budsjettavvik ikkje vert følgde opp</li><li>• det ikkje vert gjort budsjettjusteringar</li><li>• det ikkje vert rapportert til kommunestyret</li></ul>	
Budsjettprosess	<p>Risiko for at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• kommunen ikkje har tilfredsstillande rutiner for budsjettprosessen</li><li>• budsjettet ikkje er realistisk</li><li>• budsjettet ikkje er vedteke i balanse</li><li>• det ikkje er budsjettert med inndecking av meirforbruk frå tidlegere år</li></ul>	

# Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Stord kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Oppfølging av vedtak	<p>Risiko for at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>vedtak fra kommunestyret ikkje vert følgde opp</li><li>vedteke gebyrregulativ ikkje vert nytta korrekt og det vert fakturert med feil satsar eller feil frekvens</li></ul>	
Offentleg støtte	<p>Risiko for at kommunen yt offentlig støtte ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>tilby lån til gunstige vilkår</li><li>sel eller leiger ut tenester eller driftsmidlar til underpris</li><li>kjøper eller leiger tenester eller driftsmidlar til overpris</li><li>utviklar infrastruktur som kjem enkelte foretak til gode uten at det vert betalt vederlag</li><li>unnlet å krevja inn kommunale avgifter og skattar</li><li>betalar overkompensasjon for utføring av allmennyttige tenester</li></ul>	
Rekneskapsavslutting	<p>Risiko for at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>kommunen ikkje ferdigstillar årsrekneskap og årsmelding iht. frist</li><li>rapportering av årsrekneskapen til KOSTRA ikkje vert gjort tidsriktig</li><li>kommunen ikkje har utarbeidd alle forskriftsbestemte oppstillingar av rekneskapen</li><li>kommunen ikkje har utarbeidd dokumentasjon av alle vesentlege balansepostar</li></ul>	



# Risiko- og vesentlegheitsvurdering forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

## Stord kommune 2023



Lav



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Finansreglement	<p>Risiko for at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>kommunen ikkje har eit vedteke, oppdatert og kvalitetssikra finansreglement.</li><li>kommunen ikkje overheldt finansreglementet, herunder:<ul style="list-style-type: none"><li>rapportering ikkje vert utført iht. reglement</li><li>avvik ikkje vert følgde opp</li></ul></li></ul>	
Økonomireglement	<p>Risiko for at :</p> <ul style="list-style-type: none"><li>kommunen ikkje har eit vedteke økonomireglement iht. kommunelova § 14-2, d)</li><li>økonomireglementet er mangelfullt</li></ul>	



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 345,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2023/355-9  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	27/23	20.09.2023

### Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

#### Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om dei er i rute med denne eigarskapskontrollen. Det er greitt at utvalet som bestilte denne revisjonen får ein statusrapport, før dei overlet stafettpinnen til nytt utval etter kommunevalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

**Kontrollutvalet bestilte eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i møte 20.04.2023, der det i sak PS 13/23 vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, pkt. 1.2 og 1.3 (Hovudprosjekt og opsjon)
3. Det vert også akseptert inntil 6 timar på evt. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre, fakturert etter timeforbruk, jmf. prosjektplan pkt. 4.2.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2023, ferdig verifisert og med kommunedirektør/rådmann sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

**Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med eigarskapskontrollen er:**

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Stord kommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for eigarskapsforvaltning, under dette om kommunen si eigarskapsmelding er i samsvar med lovkrav og relevante tilrådingar, om organiseringa av arbeidet med eigarskapsforvaltning er hensiktsmessig og om eigarskapsforvaltninga blir praktisert i samsvar med krav i regelverk, tilrådingar for god kommunal eigarstyring og kommunen sine egne prinsipp for eigarskapsforvaltning.

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. Har kommunen etablert ei føremålstenleg organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga?
2. Har kommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket?
3. I kva grad har kommunen utarbeidd ein tydeleg strategi for sine eigarskap?
4. I kva grad har kommunen etablert ei eigarstyring i samsvar med relevante lovkrav og tilrådingar for god eigarstyring i kommunal sektor? Under dette:
  - a. I kva grad har folkevalde og styremedlemmar fått tilstrekkeleg opplæring i kommunal eigarskapsforvaltning?
  - b. Er det etablert rutinar for å sikre god samansetning og kompetanse i selskapsstyra?
  - c. I kva grad stiller kommunen krav til selskapa om:
    - i. Utarbeiding av etiske retningsliner
    - ii. Registrering av styreverv
    - iii. Fastsetting av godtgjersle for styremedlemmar
    - iv. Rutinar for habilitetsvurdering
    - v. Utarbeiding av styreinstruks
    - vi. Årleg plan for styret sitt arbeid
    - vii. Evaluering av styret sitt arbeid
5. I kva grad har kommunen følgd opp selskapa i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?
6. I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?

### **Av prosjektplanen går det vidare fram opplysningar om opsjon (som kontrollutvalet bestilte) og om avgrensingar i revisjonen:**

Eigarskapskontrollen det er lagt opp til over, er i utgangspunktet avgrensa til å omfatta kommunen sitt arbeid med overordna eigarstyring. Her nyttar ein seg av dokumentanalyse og intervju som metodiske framgangsmåtar.

Revisjonen la i tillegg inn ein opsjon, som kontrollutvalet også bestilte, på å inkludere ei spørjeundersøking eller ein serie med strukturerte intervju, der ein ber styremedlemmar valt av kommunen, styreleiarar (og ev. daglege leiarar) i selskap der Stord kommune har ein vesentleg eigardel svara på:

- I kva grad selskapa har etablert ein praksis i samsvar med kommunen sine føringar
- I kva grad selskapa opplever at kommunen utøver ein tydeleg og hensiktsmessig eigarskapsforvaltning

Føremøn med denne opsjonen, er at kontrollutvalet får meir innsikt i korleis selskapa vurderer både kommunen som eigar og sin eigen praksis når det gjeld å følgja opp dei krav og føringar Stord kommune som eigar stiller til selskapa.

### **Vedtakskompetanse**

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-4.

### **Vurderingar og verknader**

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser forhold (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Deloitte er beden om å gje ei skriftleg tilbakemelding, som kunne inngå i saksframlegget. Sekretariatet mottok slik orientering frå forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland i epost av 08.09.2023:

#### **«Følgande er status for overordna eigarskapskontroll i Stord kommune:**

- Revisjonen har utsett oppstarten av dette prosjektet, då me for tida har mange parallelle eigarskapskontrollar og me gjennomfører desse fortløpande med stort sett same team av medarbeidarar. Dette for å sikre kompetanse og effektiv gjennomføring av prosjekta.
- Oppstartsbrev med dokumentførespurnad er sendt til kommunen, der frist for oversending av dokumentasjon blei sett til tysdag 5. september. Administrasjonen har bedt om, og fått, utsett frist til fredag 15. september.
- Per i dag ser ikkje revisjonen risiko for forseinkingar i prosjektet (med atterhald om at etterspurt dokumentasjon blir oversendt innan 15.09, intervjuobjekt stiller til intervju mv.).»

Sekretariatet mottok tlf. frå økonomisjefen 12.09.23 om at det kunne vera utfordringar med å få fram all etterspurt dokumentasjon som Deloitte har etterspurt innan gjevne fristar, bl.a. grunna arbeid relatert til kommuneval og budsjettarbeid. Det vart formidla frå sekretariatet at hovudmottakar av den informasjonen må vera Deloitte, men at tid for ferdigstilling totalt sett kan drøftast i møtet. Ettersom første møte i året brukar å vera mellom medio februar og ei veke ut i mars, kan det td. gå bra om leveringsfrist for Deloitte vert utsett frå 31.12.23 til 21.01.24. Om det igjen medfører at nokre av kostnadene med revisjonsarbeidet kjem i nytt år, kan dette takast opp ved årsskiftet ift. evnt. overføring av nokre midlar frå 2023 til 2024.

### **Konklusjon**

Som nemnt overfor, kan dato for ferdigstilling av rapporten bli eit tema. Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/279-11  
**Saksbehandlar:**Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	28/23	20.09.2023

### Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - ny oppfølging

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet konstaterer at utarbeiding av ny vegnorm vert ivareteke som del av pågåande kommuneplanarbeid.
2. Kontollutvalet er elles nøgd med oppfølgingsarbeidet som har vore, og vel å lukka vidare oppfølging frå utvalet si side.
3. Utvalet ønskjer lukke til med vidare utviklingsarbeid på saksfeltet.

#### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si sjuande oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 14.05.2020, gjeldande forvaltningsrevisjonsrapport om plan- og byggesakshandsaming i Stord kommune.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Oppfølging forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming.pdf
- 2 Status forvaltningsrevisjon per august 2023.pdf

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Kommunestyret i Stord kommune gjorde slik vedtak i sak PS 21/20 i møte 14.05.2020:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.
2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.
3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.
4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.
5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.
6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.
8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Dette er sjuande oppfølging av kommunestyrevedtaket overfor – oppfølgingar med basis i kommunestyrevedtaket sitt punkt 8.

#### Førre oppfølging var i kontrollutvalet sitt møte 14.02.23, der det vart gjort slik vedtak i sak PS 3/23:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging etter forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til møte i utvalet 21.09.2023.
2. Kontrollutvalet inviterer og rådmannen til å gje ei munnleg orientering.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 31.08.23.

Møtedato jmf. pkt. 1 overfor er seinare framskunda til 20.09.23. Dette for å unngå same møtedag som kommunestyret.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

«Frå tilsvarende sak i kontrollutvalet sitt møte 04.03.2021, var dette medteke:

Sekretariatet fekk oversendt vedlagte brev og oppdatert handlingsplan pr. 15.01.2021 frå Stord kommune. Den oppdatert handlingsplanen inneheld status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen på ein strukturert og klar måte.

Sekretariatet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering m.a. ved at punkt 6 og 7 no er ferdig gjennomført. Vidare går det fram av tilbakemeldinga at ein del

av betringsarbeid er vorte forseinka grunna korona og heimekontor og difor ikkje er vorte ferdig innan dei fristane som var sett i handlingsplanen.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be rådmannen om å få ny skriftleg status på oppfølgingsarbeidet til møte 06.09.2021.»

«Frå tilsvarande sak i kontrollutvalet sitt møte 02.12.2021, var dette medteke:

I tråd med punkt 2 i vedtak frå møte i kontrollutvalet 31.08.2021 mottok sekretariatet 17.11.2021 vedlagte e-post med ein oppdatert handlingsplan, vedlegg 1 og 2. Sekretariatet registrerer av handlingsplanen at forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming i Stord kommune er kome litt lenger enn ved førre rapportering som vart handsama i møte i kontrollutvalet 04.03.2021 ved at punkt 1, 2 og 5 no er ferdig gjennomført. Frå før var punkt 6 og 7 ferdig gjennomført.

Når det gjeld dei resterande punkta 3 og 4 går det fram av tilbakemeldinga at det framleis er ein del forbetringsarbeid som ikkje er ferdig gjennomført og at fleire av desse punkta har same status i dag som dei hadde ved rapporteringa til møte i kontrollutvalet i mars 2021. Det vert argumentert med at dette m.a. skuldast at tilsynsleiar i stor grad er omdisponert til byggjesakshandsaming grunna vakansar og for lite kapasitet i høve saksmengde. Det går vidare fram av e-post frå Stord kommune, vedlegg 1, at Arnstein Hetlesæter er konstituert som einingsleiar på Stord kommunalteknikk.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3 og 4 til møte i utvalet 26.04.2022.

Handsaming i utvalet 02.12.2021

Rådmann Magnus Mjør og plansjef Lovise Vestbøstad orienterte og svara på spørsmål frå utvalet.

Det har vore personalmessige utfordringar knytt til permisjonar og nyrekruttering. Det har ført til omdisponering av oppgåver innan byggesak. Ressurs innan tilsyn er omdisponert til byggesak. Saker relatert til næringsliv prioritert. Ny vikar er komen no.

Etter sams drøfting kom utvalet fram til at ny statusrapport kunne avventa til over sommarferien. Datoar vart endra ut frå det.

Oppfølging i tida fram til 15.08.2022.

Kommuneadministrasjonen er kome vidare med oppfølgingsarbeidet.

- Td. er fagsystemet SIKRI teke i bruk.

Men det er framleis ein god del som gjenstår av punkta 3 og 4, jmf. kommunestyrevedtaket overfor. Av vedlagt oppfølgingsplan går det fram at dette i stor grad skuldast:

- Omdisponering grunna vakansar
- For lite kapasitet i høve saksmengde
- Manglande kompetanse (vakanse)
- Låg bemanning

Det vert derfor tilrådd å be om ein ny statusrapport til første kontrollutvalsmøte i 2023. Rådmannen er ikkje invitert inn i dette møtet, men bør inviterast ved neste rapportering, for å orientera om utfordringane på saksfeltet.

Oppfølging i tida fram til 23.01.2023.

I oversendingsbrev frå fung. rådmann av 23.01.23, er det med slik informasjon:

Det vert vist til partsbrev datert 23.09.22 der det vert bede om ny rapportering på status i høve oppfølgingspunkt etter forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming. Det vart gjeve svarfrist 15. januar 2023 som seinare er korrigerert til 30.januar. Det er særleg bede om oppfølging på punkt 3 og 4 etter forvaltningsrevisjonen: Det vert vist til vedlagt dokument der rapportering er



gjort etter same mal som tidlegare. Rådmannen ser at det no er eit par underpunkt under punkt 4 som ikkje er tilstrekkeleg svara ut, men desse vert arbeidd med i den nye eininga for tekniske tenester. Rådmannen legg til grunn at dette vil kome på plass med det første.

#### Øvrige merknader frå sekretariatet fram mot møte 14.02.23.

Det er hyggeleg at det har funne stad ytterlegare oppfølging sidan førre rapportering, og at pkt. 3 i det alt vesentlege er følgt opp.

Like fullt så gjenstår det framleis noko oppfølging, særleg knytt til pkt. 4. Rådmannen legg derimot til grunn at dette vil kome på plass med det første.

Sjølv om det har vore forklaringar knytt til korona, heimekontor, personskifte, vakansar og omorganisering, er det like fullt snart gått 3 år sidan kommunestyrevedtaket var gjort, som er til oppfølging.

Kontrollutval for valperioden 2019 – 2023 har truleg sitt siste møte 21.09.23, og bør der ta ein grundig status:

- Forhåpentlegvis ved å kunna konkludera med at oppfølgingsarbeidet er gjort ferdig.
- Alternativt med å fortelja nytt utval for valperioden 2023 – 2027 kva dei bør ha fokus på i saka og / eller ei særskilt orientering til kommunestyret om status.

#### I kontrollutvalsmøtet 14.02.23, vart følgjande protokollert under behandling i møtet:

Plansjef Lovise Vestbøstad orienterte. I samtale mellom kontrollutval og plansjef var ein bl.a. innom dette:

- Det er kome nytt program innan byggesak.
- Utfordring ved at det var feil i nasjonale sjekklister.
- Forvaltningsrevisjon skjerpar dei tilsette.
- Ny eining innan tekniske tenester må gå seg til.

#### Merknader frå sekretariatet til møte 20.09.23.

Sekretariatet merka seg følgjande i oversendingsbrev frå kommunedirektøren av 31.08.23:

«Kommunedirektøren meiner no at alle oppfølgingspunkt er svara ut. Det er berre punktet om vegnorm som ikkje er ferdigstilt. Utarbeiding av ny vegnorm vert gjort som ein del av kommuneplanarbeidet. Kommuneplanarbeidet er i god prosess, og status vert rapportert i kvart formannskapsmøte.»

Dette er som nemnt sjuande oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, og sekretariatet er og kome til at utvalet no kan takka utført arbeid og ønskje lukke til med vidare utviklingsarbeid. Sekretariatet har elles trua på at utarbeiding av ny vegnorm vert ivareteke som del av pågåande kommuneplanarbeid, slik det er orientert om overfor.

### **Konklusjon**

Det vert invitert til at kontrollutvalet:

- konstaterer at utarbeiding av ny vegnorm vert gjort som ein del av kommuneplanarbeidet
- Takkar for utført arbeid etter forvaltningsrevisjoenen
- ønskjer lukke til med vidare utviklingsarbeid på saksfeltet

Hogne Haktorson

Vår dato: 31.08.2023  
Vår ref: 2022/7128  
Dykkar ref:

## Oppfølging forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming

Det vert vist til sak PS 3/23 i kontrollutvalet den 14.02.23 med frist for oversending av ny statusrapport innan 31.08.23.

Rapportering er gitt i vedlagte dokument; rapporteringa er gjort etter same mal som tidlegare.

Kommunedirektøren meiner no at alle oppfølgingspunkt er svarta ut. Det er berre punktet om vegnorm som ikkje er ferdigstilt. Utarbeiding av ny vegnorm vert gjort som ein del av kommuneplanarbeidet. Kommuneplanarbeidet er i god prosess, og status vert rapportert i kvart formannskapsmøte.

Med helsing

Tommy Johansen  
Kommunedirektør

Lovise Vestbøstad  
Plansjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Interne mottakarar  
Elisabeth Gjerde  
Arne Bjelland

Regulering, byggesak og oppmåling  
Tekniske tenester

Plansjef  
Borggata 2  
5402 post@stord.kommune.no  
Org. nr 939 866 914

Telefon:

Vedlegg

1 Status forvaltningsrevisjon per august 2023

# HANDLINGSPLAN etter forvaltningsrevisjon byggesak 2020 status pr. 31.08.23

Oppfølging av vedtak i kommunestyret 14.05.2020		
	Ansvar	Frist
<p>Prioritert handlingsplan til kontrollutvalet med frist innan 01.09.2020, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.</p> <p>Status rapportert 15.01.21                      Status rapportert 26.08.21                      Status rapportert 15.11.21                      Status rapportert per 10.08.22                      Status rapportert per 15.01.23  <b>Status rapportert per 31.08.2023</b></p>		
<p><b>1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige saksjandsamningssystem for byggesakshandling</b></p>		
RBO v/byggesak anskaffar modul til Elements, fagsystemet eByggesak, for å oppnå m.a. meir effektiv og lik sakshandsaming av byggesøknader. Kjøpet vert gjennomført i samråd med IKT og Fellestenester i Stord kommune.	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Stord kommune har i samarbeid med Bømlo, Fitjar og Kvinnherad utarbeidd konkurransegrunnlag for anskaffing av fagsystem eByggesak som vert kunngjort 13.01.2021.	ARN	Utført
Status per 26.08.21: Fagsystemet er anskaffa (SIKRI) og hadde oppstartemøte med nabokommunane Bømlo, Kvinnherad og Fitjar i dag, den 26.08.21. Planlagt ta i bruk januar 2022.	ARN	Utført
Status per 15.11.21: Fagsystemet er anskaffa (SIKRI). Implementering og iverksetjing går som planlagt. Fagsystemet vert teke i bruk januar 2022. Status per 10.08.22: Fagsystemet er teke i bruk.	ARN	Utført
<p><b>2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga</b></p>		
Melde avvik på brot på lovbestemte tidsfristar i medhald av plan- og bygningslova i Compilo	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Rutinane for handsaming av byggesaker er revidert for å ivareta dette.	ARN	Utført
Opplæring avvik i kvalitetssystemet Compilo	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Opplæring i å melda avvik i kvalitetssystemet Compilo planlagt 28.01.2021.	ARN	Utført
Status per 26.08.21: Opplæring utført 28.01.2021.	ARN	Utført
Revidere aktuelle byggesaksrutinar og sjekklister	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Rutinar og sjekklister er revidert for å ivareta at avviksystem vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.	ARN	Utført
<p><b>3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk</b></p>		
Lage rutinar, malar for tilsyn m.m. i tråd med RBO sin tilsynsstrategi	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona, rehabilitering på rådhuset 2020 samt behov for opplæring av nyttilsett tilsynsleiar.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men tilsynsleiar i stor grad omdisponert til byggjesakshandsaming grunna vakansar.	ARN	Pågår
Status per 15.11.21: Under arbeid, men tilsynsleiar i stor grad omdisponert til byggjesakshandsaming grunna vakansar.	ARN	Pågår

Status per 10.08.22: Under arbeid, men tilsynsleiar i stor grad omdisponert til byggjesakshandsaming grunna vakansar.	ARN	Pågår
Status per 15.01.23: Under arbeid. Tilsyn vert frå nyttår prioritert med 100% stilling (tilsynsleiar).	LVE	Pågår
<b>Status per 31.08.23:</b> Tilsyn vert prioritert innanfor éi stilling.	EGJ	Utført
Heve kompetanse på fagområdet tilsyn gjennom kurs, nettverksgrupper o.l.	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Tilsynsleiar har delteke på Direktoratet for byggkvalitet's Tilsynsdagen 2020. Grunna korona har det vore lite aktivitet med nettversamlingar og kurs i 2020.	ARN	Kontinuerleg prosess
<b>Gjere nærare vurdering av RBO sin kapasitet til tilsyn</b>	ARN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona, rehabilitering på rådhuset 2020 samt behov for opplæring av nyttilsett tilsynsleiar.		Pågår
Status per 26.08.21: For lite kapasitet i høve til saksmengde. Har måtta prioritere ordinær byggjesakshandsaming	ARN	pågår
Status per 15.11.21: For lite kapasitet i høve saksmengde. Har i tillegg måtta prioritere ordinær byggjesakshandsaming grunna vakansar. Auka ressurs for tilsyn er lagt inn i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan f.o.m. januar 2023.	ARN	pågår
Status per 10.08.22: For lite kapasitet i høve saksmengde. Har i tillegg måtta prioritere ordinær byggjesakshandsaming grunna vakansar. Auka ressurs for tilsyn er lagt inn i vedteken økonomiplan f.o.m. januar 2023.	ARN	pågår
Status per 15.01.23: Tilsynsarbeid vert no prioritert av tilsynsleiar i full stilling. Det er ikkje lengre vakansar på byggjesak, og mykje tyder på at sakstilfanget til byggjesak er noko redusert. Det vart difor gjort ei vurdering i samband med budsjett for 2023 at det ikkje vart lagt inn ei auke på ei ny stilling til tilsyn, men stillinga som tidlegare har vore prioritert med 50% til tilsyn, vert no fullt prioritert til desse oppgåvene. Det vert vurdert at det er tilstrekkeleg kapasitet på tilsyn med dagens bemanning og sakstilfang.	LVE	Utført
<b>Redusert opningstid/telefonid på byggesak for å frigjera tid til byggesakshandsaming og arbeid med tilsyn.</b>	ARN	01.10.2020
Status per 15.01.21: Opningstid for publikum/telefonid på byggesak er redusert og er no sett til kl. 11.30 – 14.30 måndag – fredag.	ARN	Utført
Status per 10.08.22: Opningstid for publikum/telefonid på byggesak vart ytterlegare redusert frå 07.06.21 grunna låg bemanning og er no sett til kl. 13.00 – 14.30 måndag – fredag.	ARN	Utført
<b>4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom regulering, bygg og oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) vass- og avløp (VA) og vegmynde</b>		
SKT Veg: Lage skriftleg informasjon til søkjarar om vegmynde sine krav i samband med søknad om avkjørsler og dispensasjon frå byggegrenser mot kommunal veg. Ferdigstille LEAN-prosjekt (søknad om avkjørsler og dispensasjon frå byggegrense) i samband med byggesaker.	RSA	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men forseinka.	RSA	Pågår
Status per 15.11.21: Utsett grunna kapasitetsmangel	AHE	Utsett
Status per 10.08.22: Utsett grunna kapasitetsmangel.	ABJ	Utsett
Status per 15.01.23: Utført og ferdigstilt.	ARN	Utført

<b>SKT Veg: Revidera vegnormen til Stord kommune for meir føreseielege krav til vegstandard mm. i samband med utarbeiding av reguleringsplan og byggetiltak.</b>	RSA	Starta opp
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men forseinka.	RSA	Pågår
Status per 15.11.21: Utsett grunna kapasitetsmangel	AHE	Utsett
Status per 10.08.22: Arbeidet starta men på vent grunna manglande kompetanse (vakanse)	ABJ	Utsett
Status per 15.01.23: Vegnorma er inkludert i arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Arbeid med revisjon av vegnorm er inkludert i konsulentoppdraget til Norconsult. Alt arbeid med kommuneplanen sin arealdel skal vere ferdig til førstegongs handaming i formannskapet våren 2024. Vegnorma vil kunne vedtakast innan den tid.	ARN	Pågår
<b>Status per 31.08.23:</b> Vegnorma vil kome til politisk handsaming hausten 2023. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande deloppdrag vert jamnleg rapportert til formannskapet.	ARN/ LVE	Under arbeid
<b>SKT VA: Etablere ny rutine med førehandsuttale i høve kommunale vass- og avløpsleidningar i samband med søknad om tiltak etter plan- og bygningslova, i staden for dagens rutine med kun VA-kart</b>	RSA/A RN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020/2021 samt kapasitetsutfordringar.	RSA/A RN	Pågår
Status per 15.11.21: Det vart halde samhandlingsmøte mellom RBO og SKT 15.09.21. Der vart m.a. ny rutine drøfta.	AHE/A RN	Pågår
Status per 10.08.22: Under arbeid, men forseinka grunna kapasitetsutfordringar.	ABJ/A RN	Pågår
Status per 15.01.23: Under arbeid	ABJ	Pågår
<b>Status per 31.08.23:</b> Ny rutine er utarbeidd og teken i bruk	ABJ/ EGJ	Utført
<b>RBO (Byggesak), Plan, Veg og VA: Faste samhandlingsmøter min. 2 gongar pr. år</b>	RSA/A RN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Grunna korona pandemien i 2020 og heimekontor store delar av 2020 grunna bygningsarbeid i rådhuset har ein ikkje fått til dette i 2020.		Kontinuerleg prosess
Status per 26.08.21: Grunna korona pandemien i 2020/2021 og heimekontor store delar av 2020/2021 grunna bygningsarbeid i rådhuset har ein ikkje fått til dette, men vi samarbeider på dagleg basis i konkrete saker.		Kontinuerleg prosess
Status per 15.11.21: Det vart halde samhandlingsmøte mellom RBO og SKT 15.09.21.	AHE/A RN	Kontinuerleg prosess
Status per 10.08.22: Grunna låg bemanning har det ikkje vore kapasitet til å holde samhandlingsmøte.	ABJ/A RN	Kontinuerleg prosess
Status per 15.01.23: Ny vegsjef (tidl. Einingsleiar RBo) starta 1.12.22, og ny eining Tekniske tenester har då fått etablert seg med folk i alle leiar/mellomleiar-stillingar. Ny einingsleiar RBO startar 1.2.23. Ny einingsleiar RBO vil få i oppgåve å kalle inn til faste samhandlingsmøte.	LVE	Pågår
<b>Status per 31.08.23:</b> Personell er på plass og kontaktpunkt oppretta. Det er god dialog og	EGJ	Utført

Samhandling mellom einingane. Samhandlingsmøte vert gjennomført.		
Veg- og VA mynde deltek på bransjemøta til RBO	RSA	31.12.2020
Status per 15.01.21: Grunna korona pandemien i 2020 så har ein ikkje kunne ha bransjemøte.		Kontinuerleg prosess
Status per 26.08.21: Grunna korona pandemien så har ein ikkje kunne ha bransjemøte.		Kontinuerleg prosess
Status per 15.11.21: RBO inviterte til bransjemøte for entreprenørar, utbyggjarar og anleggsbransjen med tema massehandtering 22.10.21. Her deltok SKT med einingsleiar og prosjektleiarar.		Kontinuerleg prosess
<b>SKT VA og RBO byggesak: Lage skriftleg rutine for kva som må vera sikra med omsyn til godkjenningar frå SKT når det gjeld VA (sløkkjevotn, VA-planar, ferdigmelding av sanitæranlegg m.m) i byggesaksprosessen før det kan gjevast løyve i eitt-trinn, rammeløyve, IG, bruksløyve, ferdigattest.</b>	RSA/A RN	31.12.2020
Status per 15.01.21: Under arbeid, men forseinka grunna heimekontor korona og rehabilitering på rådhuset 2020.		Pågår
Status per 26.08.21: Under arbeid, men forseinka grunna kapasitetsutfordringar. Kva for opplysningar som skal gjevast står i byggesaksforskrifta, men relevans og nivå må innarbeidast i eigne sjekklister i dialog mellom SKT og RBO.	RSA/A RN	Pågår
Status per 15.11.21: Grunna vakante stillingar på byggesak, der det berre har vore 2 – 3 sakshandsamarar (av 5) på jobb i store periodar av året, har ein måtta prioritera sakshandsaming grunna lovbestemte tidsfristar.		Pågår
Status per 10.08.22: Grunna låg bemanning har det ikkje vore kapasitet på RBO, då vi måtte prioritere ordinær byggesakshandsaming.	ANJ/A RN	Pågår
Status per 15.01.23: Under arbeid	ABJ	Pågår
<b>Status per 31.08.23:</b> Ny rutine er utarbeidd og teken i bruk	ABJ/ EGJ	Utført

<b>5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket</b>		
Arbeid med revisjon av kommuneplanen med sikte på politisk handsaming i 2021. Kommunedelplan for Sagvåg-Litlabø vil verta lagt fram for første gongs handsaming i oktober 2020.	LVE	Starta opp
Status per 15.01.21: Status på kommuneplanarbeidet vert munnleg orientert om i kvart formannskapsmøte. Kommunedelplan Sagvåg – Litlabø vert lagt fram for førstegongs handsaming i februar 2021. Det skal utarbeidast anbudsgrunnlag for kommuneplanarbeidet med mål om å kunne velgje konsulent til arbeidet i månadskvittet februar/mars. Gjeldande framdriftsplan har førstegongs handsaming av samfunnsdelen i november 2021 og førstegongs handsaming av arealdelen i desember 2022. Formannskap og kommunestyret skal i januar 2021 handsame oppstart av endring av kommunedelplan E39 Heiane – Ådland.		Utført
<b>6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova</b>		
Oppdatera rutinar med sikte på å dokumentera munnlege svar på førespurnader som notat eller i merknadsfeltet i Elements. Arkivere skriftlege svar på førespurnader i saker i Elements.	ARN	Snarast
Status per 15.01.21: Munnlege svar skal leggjast inn i Elements under «Merknader» i saka. All journalverdige kommunikasjon inn og utgåande skal leggjast inn i Elements i tråd med rutinar.		Kontinuerleg prosess

Krevja førehandskonferansar i saker som berører andre mynde eller er av meir omfattande karakter	ARN	Snarast
Status per 15.01.21: Byggesak har endra praksis og krev at tiltakshavarar som hovudregel skal tinginga førehandskonferansar i saker som er kompliserte og berører andre mynde enn RBO.	ARN	Utført
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsamlinga overgår tre veker		
Krav ligg i rutinar. Lage mal for førebels svar.	ARN	Snarast
Status per 15.01.21: Krav til førebels svar er innarbeidd i byggesak sine rutinar. Det er utarbeidd ny brev-mal for førebels svar.	ARN	Utført





---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/248-12  
**Saksbehandlar:**Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	29/23	20.09.2023

### Forvaltningsrevisjon innan beredskap - ny oppfølging

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, særleg for pkt. B2 og B3 og delvis pkt. B5 til første møte i utvalet, hausten 2024.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 28.08.24.

#### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si fjerde oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 27.05.2021, gjeldande forvaltningsrevisjonsrapport innan beredskap.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon innan beredskap - oppfølging.pdf

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde i møte 27.05.2021 slikt vedtak i samband med handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport innan beredskap:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.
- A2. Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.
  
- B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.
- B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.
- B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskaløving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.
- B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.
- B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar skal òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.
- B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
- B7. Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.
- B8. Kommunen skal ha rutinar for å gjere skriftlege evalueringar i etterkant av øvingar.
  
- C1. Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.
- C2. Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.
- C3. Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.
- C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.

Rådmannen vert og beden om:

- D1. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- D2. At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.»

Handlingplanen vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.08.2021, sak PS 32/21. Utvalet såg positivt på oppfølgingsarbeidet så langt, og merka seg bl.a. beredskapssamarbeid mellom Stord kommune og Fitjar kommune. Det vart bl.a. vedteke å be rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sommaren 2022.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgja opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Sekretariatet mottok handlingsplan 21.07.2021 frå Stord kommune, som inneheld oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Den vart handsama av kontrollutvalet 31.08.2021.

Frå saksframlegg til møte 23.05.22

Skriv med oppfølging av handlingsplanen vart motteken 03.05.2022, og ligg ved saka. Det er svært positivt at heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) Stord og Fitjar er utarbeidd og vart vedteken i kommunestyret 31.03.2022.

Vurdering før møte 14.02.23.

Sekretariatet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført. Det skal etterkvart vera råd å få avrunda oppfølgingsarbeidet frå kontrollutvalet si side. Tilrår likevel ei ny oppfølging i utvalet sitt septembermøte, som truleg er siste møte i denne valperioden. Her er ønskjeleg med oppdatert informasjon vedr. pkt. B2 og B3 – evt. og ny informasjon innanfor øvrige punkt.

Vurdering før møte 20.09.23.

Sekretariatet ser framleis positivt på det forbetningsarbeidet som er utført. Vil likevel ikkje tilrå at kontrollutvalet slepp tak i oppfølgingsarbeidet enno, då det ser ut som nokre fristar er skyvd på. Her er 2024 kome inn som tid for ferdigstilling av punkt B2 og B3, samt at einingane har ei oppfølging å gjera jmf. pkt. B5. Tilrår ny oppfølging om lag eit år fram i tid – til kontrollutvalet sitt første møte hausten 2024. Dersom det er ny informasjon innan øvrige punkt, vil det og vera av interesse for kontrollutvalet å få informasjon om.

**Konklusjon**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltingsrevisjon innan beredskap til første møte i utvalet, hausten 2024. Statusrapporten bes levert sekretariatet innan 28.08.2024.

Sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 31.08.2023

Vår ref: 2022/4450

Dykkar ref:

## Forvaltningsrevisjon innan beredskap - oppfølging

Kontrollutvalet vedtok den 14.02.2023 i sak PS 4/23 om Handlingsplan – Forvaltningsrevisjon innan beredskap fylgjande:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Utvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status, særleg pkt. B2 og B3, til møte i utvalet 21.09.2023
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 31.08.2023.

### Status prioritert handlingsplan etter forvaltningsrevisjon innan beredskap – oppfølging av vedtak i kontrollutvalet (19.05.21) og kommunestyret (27.05.21)

Tilråding/ tiltak	Kommentar	Tidsfrist	Ansvar	Status
A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.	Arbeidet er i gong og vert utført saman med Fitjar kommune. Det er inngått avtale med Einang Safety AS om bistand til arbeidet.	2021	Rådmann	Gjennomført Heilskapleg risiko- og sårbarheits-analyse(ROS) Stord og Fitjar vart vedteken i kommunestyret 31.3.22
A2. Kommunen skal etablere ein tydeleg plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan	Arbeidet startar opp hausten 2021	2021	Rådmann	Gjennomført  Plan for krisekommunikasjon er utarbeida og godkjent godkjenning
B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafør eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.	Assisterande rådmann har eit overordna ansvar for beredskap. Det er oppretta ein funksjon som rettleiar for tryggleik og beredskap. Det er satt ned ei arbeidsgruppe for beredskap som skal ha	2021	Rådmann	Gjennomført  Ekstra ressursar er satt inn for å styrke det administrative beredskapsarbeidet

	månadlege møter og fokus på til dømes tiltak etter ROS			
B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.	Det er eige tema på dette i kommunen sin siste ROS vedteken i K-styret 31.03.2022  Det er dei ulike einingane som må ha beredskap/plan for kva dei gjer ved bortfall av IKT- tenester. IKT eininga syt for det som handlar om drifta. Plan for dette skal inn i planverket for dei ulike einingane	2022/ 2023/ 2024	Kommune- direktør	I einingsmøte januar 2023 vart bortfall av straum tema og med bortfall av IKT. Einingane fekk oppgåve å gå gjennom sine planar med særleg fokus på dette tema. RHO einingane har hatt eiga gjennomgang av beredskap ved bortfall av straum og IKT, saman med IKT eininga. I etterkant har dei satt inn naudsynte tiltak. Det vil verte gjennomgangar/øvingar innafor kvart tenesteområde etter avtalt plan for øvingar.
B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.	Arbeidsgruppe for beredskap har ein plan for øvingar, som skal inn i eit årshjul. Det vert «skrivebordsøvingar» og større øvingar i samarbeid med eksterne. Bortfall av straum, og bortfall av IKT tenester vert prioritert	2023/ 2024	Kommune- direktør	Øvingar vert gjennomført i tråd med plan.
B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.	Vert følgt opp i samband med revisjon av ROS analyse	2021	Rådmann	Gjennomført  Heilskapleg risiko- og sårbarheits-analyse(ROS) Stord og Fitjar vart vedteken i kommunestyret 31.3.22
B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.	Beredskapsplanane ligg i kvalitetssystemet Compilo og skal reviderast minimum årleg. Det er respektiv kommunalsjef og/eller kommunedirektør som godkjenner revisjonen.	2021/ 2022/ 2023	Kommune- direktør	Arbeidsgruppa for beredskap reviderer den overordna beredskapsplan. Ny plan vert mal på korleis planane til einingane skal vera bygd opp.
B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.	I kvalitetssystemet og på årshjulet er dette ein årleg aktivitet for kvar eining.	Konti nuerl eg	Kommune- direktør	Årleg aktivitet



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/201-31  
**Saksbehandlar:**Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	30/23	20.09.2023

### Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.03.2023.

#### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si andre oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 21.06.2022, av forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Statusrapport til kontrollutvalet i Stord kommune etter forvaltningsrevisjon.pdf

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune handsama forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i møte 21.06.2022, sak PS 26/22 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, ber kommunestyret rådmannen om å:

1. Etablere ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikre tilstrekkeleg operasjonalisering av måla som er sett for tenestene på området.
2. Sikre tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:
  - a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappande ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.
  - b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.
3. Sikre at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med
  - a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.
  - b) rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.
4. Etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.
5. Leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.
6. Sikre at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.
7. Etablere rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.
8. Lage en prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan i tråd med punkt 8 låg føre til kontrollutvalet sitt møte 01.12.2022. Denne gongen er det skriftleg status for vidare oppfølging av handlingsplanen som ligg føre og er vedlagt saka.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Frå saksframlegg til kontrollutvalet sitt møte 01.12.2022 var dette med:

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding motteke i sekretariatet 21.11.2022. Tilbakemeldinga m/ vedlegg ligg ved.

Her er det teke utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak, punkt 1-7.

- Operasjonalisering av dei 7 punkta er å finna i 18 definerte tiltak.
- Av desse er 16 tiltak planlagt ferdigstilt til ulike tider i 2023.
- Innsats for dei to siste punkta vert definert som kontinuerleg arbeid.
- Arbeid med ein del av tiltaka har starta opp i 2022.
- Det er ikkje nokre av dei nemnte tiltaka som er ferdigstilt i 2022.

Kommunestyret forsterka kontrollutvalet si innstilling på to område med at «vurdere å» vart teke bort i pkt. 4 og 5. Uansett formulering, så ber oppfølgingsdokumentet tydeleg preg av at administrasjonen har klare tankar om å få til ei god oppfølging til beste for barn og unge i Stord kommune innafor alle dei nemnte oppfølgingspunkta i kommunestyrevedtaket.

Oppfølgingsdokumentet inneheld diverse informasjon som synleggjer statleg og kommunalt arbeid med innretning på å styrka tenestetilbodet overfor barn og unge. Det er lagt ved 3 interessante vedlegg på saksfeltet:

1. Handbok for koordinator i Stord kommune
2. Eg er blitt koordinator – kva gjer eg?
3. Korleis startar eg opp koordinatorarbeid og individuell plan.

På kontrollutvalet sitt møte 01.12.22, vil sakshandsamar Birthe Blokhus møta for å kunna gje munnleg orientering. Ho er einingsleiar for førebyggjande tenester.

På bakgrunn av det som er meldt attende om innsats framover, bør kontrollutvalet be om å få ny status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet, hausten 2023.

Vurderingar før kontrollutvalet sitt møte 20.09.2023.

Frist for skriftleg tilbakemelding var 10.08.23. Vedlegg i saka er datert 08.08.2023, men vart først motteke i sekretariatet 12.09.23, etter påminning 15.08.23 og 12.09.23. Det synte seg at skrevet var gjort klart men ikkje oversendt. Trass i knapp tid for sakshandsaming frå sekretariatet si side, har me likevel snudd oss rundt for å få det med til siste kontrollutvalsmøte i denne valperioden.

Det er tydeleg at det er gjort godt utviklingsarbeid innan saksfeltet sidan førre rapportering. Det er veldig bra innan eit så viktig saksfelt, der kommunen bl.a. skal yta tenester til barn og unge med ulike utfordringar og deira familiar.

Rapporteringa til møtet er god. Oppfølging innan fleire punkt er ferdigstilt. Det bør også vera av interesse for kontrollutvalet å få ein ny status om eit halvårs tid. Utvalet brukar å ha eit møte i april. Til det møtet kan det td. koma slik informasjon:

- Arbeid med implementering og forståing av nye rutinar / køyrereglar.
- Om kommunedelplan for oppvekst har vore til handsaming i kommunestyret
- Om superbrukarnettverk er etablert
- Om forprosjekt for 2024 på organisering av tenester for barn, unge og deira familiar

## **Konklusjon**

Sekretariatet synest det har funne stad mykje bra oppfølgingsarbeid. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024, med frist for levering til sekretariatet 18.03.2024.





Kontrollutvalet i Stord kommune  
v/ sekretariat Hogne Haktorson

Stord 08.08.23

## **Skriftleg status i oppfølginga av forvaltningsrevisjon ref. Kontrollutvalet sitt vedtak PS 38/22**

Som kjend bad kontrollutvalet om ei skriftleg status for etterarbeidet med Deloitte si forvaltningsrevisjon av det førebyggjande arbeidet i Stord kommune i sitt møte 01.02.22 med frist 10.08.23

### **Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet tinga ein revisjon av det førebyggjande arbeidet i Stord kommune. Føremålet med revisjonen var å undersøkje om Stord kommune har etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og om kommunen har ei føremålsteneleg organisering av det førebyggjande arbeidet. Vidare var det eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikra at samarbeid og samordning og mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Deloitte fekk oppdraget og leverte sin rapport i mai 2022. Saka og funna frå revisjonen vart handsama i kontrollutvalet og deretter i kommunestyret i juni 2022.

**Basert på det som kjem fram i revisjonen vert det tilrådd at Stord kommune sett i verk følgjande tiltak:**

***1. Etablerer ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikrar tilstrekkeleg operasjonisering av måla som er sett for tenestene på området.***

Kommunen skal utarbeide ein heilskapleg plan for kommunens arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem, jf. barneverntenestelova § 3-1, 2.ledd.

Planen for det førebyggjande arbeidet skal innehalde ei skildring av:

- Overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet.

- Korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane/ einingane:

Alle tenestene til barn, unge og deira familiar har plikt til å samhandla og samordna tenestetilbodet som brukar skal motta. Dette er blitt forsterka gjennom ny nasjonal rettleiar «[Samarbeid om tjenester til barn , unge og deres familier](#)».

Stord kommune har arbeidd og arbeider med ei tydeleggjering av oppgåveløysinga, rutinar for korleis einingane i oppvekst og RHO skal samarbeide gjennom å skildra ein samhandlingsmodell som syner og tydeleggjer det mandatet ein har gjennom lov, regelverk, nasjonale rettleiarar til system, struktur og rutinar i Stord kommune.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Oversikt over tiltak til barn, unge og deira familiar vert arbeidd med.	OKU	våren 2023.	Ferdigstilt Lenkje til oversikta:  <a href="#">Tiltaksoversikt - Stord kommune</a>
<a href="#">Samarbeid om tjenester til barn , unge og deres familier</a> ». Den nye rettleiaren skal handsamast og gjerast kjent for heile oppvekstsektoren  Felles intern opplæring hausten 2023	Kommunalsjef OKU og RHO	2023	Er gjort kjend, men må arbeidast meir med implementering og forståing av oppdraget i den nasjonale rettleiaren i tenestene hausten 2023
Planen for det førebyggjande arbeidet i Stord kommunen vert skriven som ei revidering av kommunedelplanen for oppvekst	Kommunalsjef OKU	2023	Plan for det førebyggjande arbeidet i oppvekstsektor er godt i gang, skal etter plan handsamast i kommunestyret desember 2023

## **2. Sikrar tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:**

a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.

Ansvarsforholda ikring barn, unge og familiar som har utfordringar er skildra, og skjerpa, i lovtekstane gjennom den nye nasjonale rettleiaren som tidlegare omtala. Det er gjort eit arbeid frå myndigheitene på harmonisering av 14 ulike lovar som regulerer arbeidet og skildrar ansvarsforholda kvar sektor har, under ser ein oversikt over kva lover som har gjennomgått harmoniseringa:

Det å samhandla er tett knytt til haldningar og rolleforståing for korleis ein skapar eit lag rundt og for barnet, den unge og familiarne deira. Det er sentralt at ein har høg grad av brukarmedverknad og familien vert sett på som ein ressurs i arbeidet. Gjennom arbeidet med Oppvekstreform, Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er desse temaa viktige faktorar som ein har starta arbeidet med og dette vil fortsetje gjennom planarbeidet for Kvalitetsutviklingsplan, arbeidet med oppvekstreforma og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Arbeidet med tydeleggjering på roller, ansvar og oppgåver for dei einingar og tilsette som arbeider med barn, unge og deira familiar er planlagt oppstart november 2022, og må arbeidast inn i Stord kommune sine interne samhandlingsrutinar. Felles intern opplæring hausten 2023	Kommunalsjef OKU	Hausten 2023	Er gjort kjend, men må arbeidast meir med implementering og forståing av oppdraget i den nasjonale rettleiaren i tenestene hausten 2023

### **b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.**

Stafettloggen er eit digitalt samhandlingsverktøy og ein samhandlingsarena mellom tenesteytande einingar, barn/unge og deira føresette. Den har sikringsnivå 4, som betyr at ein kan forvalte personopplysningar på korrekt og ein sikker måte.

Ein stafettlogg på ein person gir oversikt over kva tiltak som er sett i verk ikring ein eller fleire uro ikring barnet si utvikling, og kven som har ansvar for tiltaket. Dette gir oversikt i arbeidet og ein skal evaluere tiltaket er gitte fristar. Evalueringa syner om tiltaket har hatt effekt og kan avsluttast, vidareførast, justerast eller om det er naudsynt med nye tiltak. Alt i samarbeid med barnet, den unge og/eller omsorgsgivarane til barnet/ungdommen.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Sjå punkt 5	Einingsleiar førebyggjande tenester	Juni 2023	Plan for oppstart med superbrukar nettverk hausten 2023

### **3. Sikrar at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med**

**a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.**

Stord kommune har laga rutinar og handbok for koordinatarar som skildrar dette, dette ligg i internkontrollsystemet som alle tilsette i Stord kommune har tilgang til .

Frå 01.08.22 kom det ei lovendring som gjer at kommunen har plikt til å oppnemne barnekoordinator etter helse- og omsorgstenestelova [§7-2 a](#) Villkår for å få barnekoordinator er at barnet har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Denne plikta gjeld og før fødsel, og er til ungdommen er 18 år og kan utvidast til 25 år. Vidare er det skildra at det må føreligga behov for langvarige og samansette koordinerte helse – og omsorgstenester og andre velferdstenester. Denne ordninga er omtala i [Samarbeid om tjenester til barn , unge og deres familier](#)

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Stord kommune arbeider med å implementera dei nye føringane for barnekoordinator og avstemma dei eksisterande rutinane som ligg for koordinator oppimot ny ordning.	Kommunasjef RHO/OKU	Ferdigstilling innan årskifte <u>2023</u>	

**b) Rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.**

Det er modell for tverrfagleg innsats (BTI) som er gjeldande rutine i Stord kommune for korleis dei tilsette arbeider med uro for barn, unge og deira familiar. Ein skal som tilsett i oppvekst nytta verktøyet til å ta tak i den uro ein har og utforska den ved hjelp av verktøya og ved hjelp av del støttetene ein har i førebyggjande tenester og i barneverntenesta.

Arbeidet med barn, unge og deira familiar famnar breitt i problemstillingar og for å løyse ulike utfordringar må arbeidet med løysingane vera like breitt som problemstillingane. Me er i gong med å utarbeidinga av nettressurs tilgjengeleg for alle som tydeleggjer kva føringar ein har frå sentrale mynde, Stord kommune sine rutinar for samhandling, sett saman med dei ulike fagfelta.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Fellesdagar for oppvekst, informasjon gir felles ståstad – oppstart november 2022	Kommunalsjef OKU	Kontinuerleg arbeid	Er planlagt felle fagdag for heile oppvekst ein gong pr år.
Gi tilsette ansvar for å gjera seg kjent med dei rammene for arbeidet som er førande gjennom opplæring og bruk av dei verktøya som Stord kommune har.	Einingsleiarar oppvekst	Kontinuerleg arbeid	I årshjulet til oppvekst er det ei samling for nyttilsette. Der får ein informasjon om rammer og dei verktøya som vert nytta i Stord kommune. Vidare har kvar einingsleiar ansvar for opplæring til tilsette og sørga for at dei tilsette brukar dei rutinar og prosedyrar Stord kommune har vedteke.

			<p>Viktige delar av å forstå rolle og mandat i arbeidet sitt er å forstå rammene for utøvinga av arbeidet. Dette har me samla, vert ferdigstilt hausten 2023, på nettsida:  <a href="#">Samhandling i Stord kommune – For utsatte barn og unge</a>  <a href="#">(samhandlingsmodell.no)</a></p> <p>For korleis gå fram med ei uro for barn/unge eller deira familie er BTI handlingsretteleiar både ein rutine og med forslag til verktøy i arbeidet i Stord kommune og ei fagleg trygg framgangsmåte for å ivareta både den tilsette og den uro gjeld. Sjå lenkje: <a href="#">BTI-retteleiar – Stord BTI</a>  <a href="#">(betreinnsats.no)</a></p> <p>Og om ein skal iverksetje tiltak så finn ein kva tiltak som er aktive i Stord kommune og kva teneste som utfører tenesta på denne nettsida:  <a href="#">Tiltaksoversikt - Stord kommune</a></p> <p>Nettsidene skal verta samla på ei nettadresse for å gjera det effektivt å finna fram til her:  <a href="#">Stord BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Stord kommune</a>  <a href="#">(betreinnsats.no)</a></p>
Kompetanse til å sjå risikoutvikling og kompetanse til å handla ved oppdaging av risikoutvikling	Einingsleiarar oppvekst	Kontinuerleg arbeid	Dette er arbeid som pågår kontinuerleg. Ein har felles samlingar og opplæringar for tilsette

			på overordna tema som risiko- og beskyttelsesfaktorar hjå barn og unge. Men og meir fagspesifikke tema. Det er til dømes gjennomført opplæring av alle barnehagetilsette og ressurspersonar på grunnskulane i førebygging og avdekking av vald og overgrep.
--	--	--	---

**4. Vurderer å etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.**

Tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Laga rutine som etterspør samtykke til å overføra informasjon til ny kommune på barn og unge det er knytt uro til og/eller har tiltak for retta opp risikoutvikling der ein ser at det er tenleg for barnet/ungdommen si utvikling i dei saker der det ikkje allereie er knytt ein rutine til.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Mars 2023	Det er praksis å etterspørre samtykke for oversending av informasjon til ny busetjingskommune i oppvekst.

**5. Vurderer å leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.**

Fleire i kommunen kjenner godt til BTI-modellen og målsetjinga for den, samstundes ser me at det er behov for at fleire kjenner større eigarskap til modellen og at ein arbeider med å forstå grunnmodellen og kjenner eigarskap til å ha fokus på tidleg innsats og betre tverrfagleg innsats.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Kvar einingsleiar som nyttar BTI-modellen om å oppnemna ein superbrukar i kvar eining som skal få grundig opplæring i metodikk og verktøy for vidare implementering og oppretthalding av kompetansen i kvar eining.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Juni 2023	Nettverk er under etablering og oppstart med superbrukar nettverket vert hausten 2023

**6. Sikrar at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.**

Viser til svaret under punkt 3b). I tillegg ser ein behov for ei oversikt over dei sentrale føringane, knytt opp til dei kommunale rutinane i Stord kommune. Gjennom kartlegginga som er gjort i arbeidet med oppvekstreforma, vert det gitt tilbakemelding på at dette er eit behov einingar og avdelingar kjenner på. Dette må ein sikra gjennom ein betra samarbeidsstruktur på systemnivå. Einingane og avdelingane som arbeider med barn og unge treng meir kunnskap om kvarandre, om mandat og måtar å løysa ulike utfordringar på. Dette bør skje gjennom etablerte møteplassar og gjennom utveksling av informasjon.

Pr i dag har Stord kommune ulike møteplassar på systemnivå som samlar leiarar og fagfolk frå ulike einingar og avdelingar, til dømes einingsleiar møte/samlingar, samling for leiarar i oppvekst, SLT-koordineringsmøte, folkehelseforum, bustadsosialt forum for å nemna nokon. Desse møta kan ein nytta, i tillegg til det som vert tatt opp pr i dag, til å arbeida meir med kjennskap til og systematisere og informere om det arbeidet Stord kommune gjer oppimot barn, unge og deira familiar.

Laga ein modell for å synleggjera samanhengen mellom det faglege arbeidet og lovkrava, og korleis ein har valgt å løysa det gjennom rutinar for både for det individuelle arbeidet med kvart enkelt barn, men og korleis ein skal samhandle og samarbeide på systemnivå. Me ser at synleggjering av desse samanhengane i arbeidet, vil vera til hjelp for rolleforståinga for den enkelte tilsette i oppvekst.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
1. Stord kommune har motteke midlar til å arbeida med eit tenesteforløp for barn med autisme dette arbeidet. Det er grunn til å tru at dette vil og identifisera fleire utfordringar både i det interne samarbeidet og det eksterne samarbeidet med samarbeidspartnarar som me kan gjera oss nytte av på generelt nivå.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Oppstart hausten 2022, ferdigstilling haust 2023	Arbeidet er ferdig stilt og rapport på prosjektet er oversendt statsforvaltaren i Vestland. Det er tilrådingar frå prosjektet om korleis arbeida med barn og unge med alvorlege og komplekse tilstandar, forslag til organisering og betre ivaretaking av barnet og familien.  Rapport kan leggest fram for kontrollutvalet om ynskjeleg.
2. Arbeida vidare med å gjera samanhengen mellom sentrale føringar, kommunale planar og rutinar meir tilgjengeleg for alle tilsette gjennom ei nettbasert løysing knytt til same plattform som den digitale	Einingsleiar førebyggjande tenester	Oppstart hausten 2022, ferdigstilling haust 2023	Arbeidet er starta, og ein ferdigstilling etter plan 2023 Førebels publisert på nettsida: <a href="#">Samhandling i Stord kommune – For utsatte</a>

handlingsrettleiaren til BTI ligg på.			<a href="https://www.samhandlingsmodell.no">barn og unge (samhandlingsmodell.no)</a>
3. Arbeida fram rutinar knytt til samhandling og informasjonsutvekslinga både i dei enkelte rutinane og i årshjula som er laga i Compilo	HMT-leiar	Oppstart hausten 2022, ferdigstilling haust 2023	Grunna omstende internt vart ikkje arbeidet starta opp før våren 2023, og ein arbeider gjennom hausten 2023 for å ferdigstilla forprosjekt for 2024 på organisering av tenestene for barn, unge og deira familiar.
4. Stord kommune tek ei gjennomgang av organiseringa for dei ulike sektorane, einingane og avdelingane som arbeider med barn, unge og deira familiar for å sjå om det er teneleg organisering pr i dag for tenestemottakarane og samarbeidet til tenesteytarane.	Strategisk leiing v/ kommunalsjef OKU og RHO	Oppstart hausten 2022, ferdigstilling haust 2023	Grunna omstende internt vart ikkje arbeidet starta opp før våren 2023, og ein arbeider gjennom hausten 2023 for å ferdigstilla forprosjekt for 2024 på organisering av tenestene for barn, unge og deira familiar.

### **7. Etablerer rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik**

Avvikssystemet i Stord kommune er tilrettelagt for å melda avvik på samhandlinga som skal skje i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge. Det er grunn til å tru at det å ikkje melda avvik handlar om haldningar og forståing av korleis ein arbeider med avvik.

Avvik skal vera eit varsel om at ein har eit forbetningspotensial. Og sikra denne forståinga gjennom ei samforståing og ei haldningsendring til å melda avvik vert viktig i arbeidet frametter.

Oppvekstsektoren har ikkje kultur for å melda denne type avvik, og ein ser at det er andre einingar i Stord kommune som har arbeidd systematisk med denne type arbeid med gode resultat. Me ynskjer å sjå på det arbeidet som er gjort for å få felles forståing for avviksarbeidet og det å melda avvik på samhandlinga.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling	Status
Arbeida fram samforståing og rutine for å melda avvik på samhandling	HMT-leiar	Desember 2023	Avvikssystemet i Stord kommune er tilrettelagt for å melda forbetningsforslag og avvik på samhandling. Det arbeidet som



			<p>gjenstår er å auka forståinga og arbeida med kultur for å melda inn forbetringstiltak og avvik på samhandling. Arbeidet fortset hausten 2023.</p>
--	--	--	--

Me vonar at Kontrollutvalet har fått oversikt over dei prosessar og vidare arbeid som skjer på oppvekstfeltet vedr. revisjonen og om noko skulle vera uklart så ta gjerne kontakt.

Med helsing

Mariann Jacobsen Hilt

Konst. Rådmann

Birthe Blokhus

Einingsleiar førebyggjande tenester



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/232-15  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	31/23	20.09.2023

## Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden

### Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune for valperioden 2019 – 2023 vert å leggja fram i kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027.

### Samandrag

Kontrollutvalet i kommunen har tradisjon for å evaluera kontrollutvalsarbeidet i sitt siste møte i fireårsperioden, og at resultat av evalueringa vert lagt fram for nytt kontrollutval i deira første møte.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

1 Skjema for evaluering valperioden 2019 - 2023

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Etter at ny kommunelov av 2018 vart iverksett, gav Kommunal- og Distriktsdepartementet (KDD) ut 3. utgåve av kontrollutvalsboka. Lenkje:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalsboka/id2893214/>

Boka er utarbeidd for å styrke arbeidet med eigenkontrollen i kommunane, og er å rekna som ein rettleiar til kommunelova av 2018.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har fullmakt til å evaluera sitt eige arbeid.

### Vurderingar og verknader

I kontrollutvalsboka er evalueringsarbeid mv. omtalt i kapittel 11, med slik oppsummering:

- Kontrollutvalet bør utarbeide ei årsmelding til kommunestyret.
- Kontrollutvalet må følgje opp korleis den kommunale forvaltninga gjennomfører og etterlever vedtaka til kommunestyret i samband med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.
- Kontrollutvalet bør gjennomføre evaluering av eige arbeid. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring. Utvalet bør evaluere samhandlinga med både revisjonen og sekretariatet.
- Det er viktig å involvere både kommunestyret og administrasjonen i evalueringa av arbeidet til kontrollutvalet.
- Ved utgangen av ein periode er det viktig at kontrollutvalet legg til rette for ei god erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

No er snart valperioden 2019 – 2023 ferdig og det kan, etter sekretariatet si meining, vere bra at det blir gjennomført ei evaluering av det arbeidet kontrollutvalet har gjort i denne valperioden, i tråd med det som går fram over. Dette kan gjerast f.eks. ved at kontrollutval, sekretariat og revisjon saman drøfter aktuelle spørsmål som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval. Sekretariatet har utarbeidd eit skjema med forslag til spørsmål som kan brukast i ei slik evaluering. Skjemaet ligg ved. Ordførar og kommunedirektør / rådmann er også invitert til å delta i evalueringa.

### Konklusjon

Sekretariatet rår til at det blir gjennomført ei evaluering i dette møtet. Evalueringa bør resultera i eit forslag til ev. endringar/forbetringar i rutinane som kan gjera arbeidet med eigenkontrollen i kommunen endå betre. Resultatet av evalueringa bør leggjast fram for kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027, fortrinnsvis i deira første møte.

## Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune, valperioden 2019 – 2023.

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), ordførar, kommunedirektør, revisor og sekretariatet vert invitert til å gjennomføre evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2019 – 2023. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta leia og gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	
3	Korleis vert kvaliteten på møtepapira vurdert?	
4	Kor nøgd er du med møtelokala?	
5	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	
6	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	
7	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	
8	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	
9	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	
10	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	
11	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	
12	Korleis fungerer samhandlinga med revisor – både i høve administrasjonen og KUV? Kva kan gjerast betre?	
13	Korleis fungerte arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll?	
14	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet - både i høve administrasjonen og KUV ? Kva kan gjerast betre?	
15	Korleis fungerer arbeidet med henvendingar til kontrollutvalet: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde - Media - Andre	
16	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde? - Forslag til tema? - Er det sett av tilstrekkeleg med ressursar til opplæring.	

17	Folkevaldopplæring for kommunestyret (KS): <ul style="list-style-type: none"><li>- Er det lagt planar for dette?</li><li>- Bør KUV få delta her?</li><li>- Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?</li></ul>	
18	Andre innspel til nytt utval	



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2023/391-1  
**Saksbehandlar:**Hogne Haktorson

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	32/23	20.09.2023

**Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024 til 2028 - Bestilling av prosjektplan****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 13.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventna levering. Prosjektplanen skal omfatte:
  - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
  - b. Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast
  - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
  - d. Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i ny valperiode, 04.12.2023.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2024.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet i dette møtet skal starta prosessen med å gjennomføra risiko og vesentleg vurdering som skal danna grunnlag for forslag til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon går det fram m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Vidare går dette fram av kommunelova § 23-4 Eierskapskontroll m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette inneber at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørge for:

- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og av kommunen sin eigarskap.
- å utarbeide planar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i perioden 2024 – 2028 basert på den gjennomførte risiko og vesentlegvurderinga
- at planane vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.
- Fram til nye planar er vedteken vil plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 gjelda

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har i tråd med kommunelova §§ 23 og 24 vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre prosess med å utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll og kommunestyret skal gjere vedtak i saka.

### Vurderingar og verknader

Gjennomføring av ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, av kommunen sin eigarskap, utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, kan gjerast av den valde revisor, sekretariatet eller anna eksternt selskap med kompetanse på området. Det som er mest vanleg i dei kommunane me er sekretariat for er å be den valde revisor, Deloitte, gjennomføra oppdraget. Deloitte har vore revisor for kommunen lenge og kjenner difor organisasjonen rimeleg godt. Det gjer at dei vil ha eit godt grunnlag for å gjennomføra dette arbeidet på ein god måte.

Kontrollutvalet bør også drøfta seg fram til enkelte føringar for gjennomføringa av arbeidet. Slike føringar kan t.d. vera kven som bør involverast i gjennomføringa av risiko og vesentlegvurderinga, i kor stor grad kontrollutvalet sjølv bør involverast i arbeidet, kor djupt skal analysen gå (omfanget), kor mange timar skal kunna brukast på jobben og når skal arbeidet leverast ferdig til kontrollutvalet for endeleg behandling. Denne drøftinga bør munne ut i ei skisse for vidare framdrift i saka.

### **Konklusjon**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av risiko- og vesentlevurderingar av Stord kommune si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og av kommunen sin eigarskap.

Vidare bør prosjektplanen omfatta utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028, inkludert ressursbruk og forventta levering.





---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/229-18  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	33/23	20.09.2023

## Budsjett 2024 for kontrollarbeidet i Stord kommune

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2024 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

### Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgja innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Budsjettforslag 2024 (v1) KUV talbudsjett Stord kommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Av forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» lesa:

*«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»*

Kontrollutvalet sine oppgåver: (Kommunelova)

### § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

### § 23-3 Forvaltningsrevisjon

*«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

### § 23-4 Eierskapskontroll

*«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Av dette går det fram at utvalet har eit omfattende lovpålagt kontrollansvar på vegne av kommunestyret i Stord kommune. For at kontrollutvalet skal kunna ivareta dette kontrollansvaret

på ein tilfredsstillande måte, i tråd med lovkravet, krevst det at kommunestyret stiller tilstrekkeleg med budsjettmidlar til disposisjon. Det at kontrollutvalet blir gjort i stand til å ivareta sitt kontrollansvar, bl.a. ved å få tilført tilstrekkelig med budsjettmidlar, vil bidra til å styrka utvalet sin uavhengigheit og legitimitet.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet skal utarbeida budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

### **Vurderingar og verknader**

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve kommunelova § 2 til å utarbeida budsjettforslag for kommunen sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i inneverande budsjettår, samt ny avtale med ekstern revisor med oppstart 01.07.2021. For kommunar av Stord kommune sin storleik tilrår sekretariatet at det vert budsjettert med 400 timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester, i tillegg til rekneskapsrevisjon, inkl. attestasjonar mv. Dessutan er det lovmessig krav om å laga plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll innan første år av ny valperiode. Av den grunn er det lagt inn kostnader med planarbeidet i 2024, ein kostnad som td. ikkje kjem til å gjelda for 2025. Mange kommunar løyver ein sum til ekstra tiltaksmidlar, som ein buffert. Det er tilrådd her og.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som «eit vanleg år».

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er budsjettert i høve reglement.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er eit fagleg forum for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Stord kommune har vore medlem sidan 2009. Kontingenten, jmf. årsmøtevedtak er på kr. 9.700 for kommunar med Stord kommune sitt innbyggartal, altså same sum som i 2022. Løyvinga har over mange år kun vore nok til å dekkja halve kontingenten, men ein er jo ikkje medlem i organisasjonar eller faglege forum berre kvart vårhalvår. Det hadde vore hyggeleg om løyvinga for 2023 vart reell ift. kva kontingenten faktisk er.

For sekretariatskostnadene er ny avtale frå 01.01.2023 lagt til grunn. Konkurransen om ny avtale for åra 2023 – 2026 var ikkje avslutta då budsjett 2023 vart utarbeidd. Til grunn for budsjettering 2024 ligg såleis ein pris som gjekk noko opp for ny fireårsperiode, konsumprisregulering ift. avtalen og timetal om lag som tidlegare brukt pr. år.

Forøvrig er det budsjettert med at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, samt servering på utvalsmøta. Annakvart år er det ein større fagkonferanse for kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke, der utvalet har vore godt representert sidan 2012, neste gong i 2024. Såleis er det budsjettert med ekstra midlar til folkevaldopplæring i 2024.

### **Konklusjon**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett, inkludert dei endringar som evtnt. vert gjort i møtet.

## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Stord kommune for 2024

Konto	Tekst	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Merknad
10802	Utval / leiargodtgjersle	kr 102 000	kr 107 613	kr 110 719	Utvalsleiar 10% av løn stortingsrepr
10803	Møtegodtgjersle	kr 19 000	kr 18 599	kr 21 922	Timesats 0,02% av stortingsrepr.
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 11 000	kr 11 071	kr 11 000	
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr -	kr 1 320	
	Delsum	<b>kr 132 000</b>	<b>kr 19 356</b>	<b>kr 144 961</b>	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 19 000	kr 19 000	kr 20 440	
	Delsum	<b>kr 151 000</b>	<b>kr 38 356</b>	<b>kr 165 401</b>	
11400	Annonse	kr 6 000	kr 5 855	kr 6 000	
		kr -	kr -	kr -	
11008	Faglitteratur og abonnement	kr 2 000	kr 2 342	kr 2 400	
11152	Servering på møta	kr -	kr -	kr -	
		kr -	kr -	kr -	
11500	Kurs og etterutdanning	kr 16 000	kr 15 704	kr 17 000	
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr 25 000	Kvart 2. år: 2022 - 2024 osv.
11600	Skyss og kostgodtgjersle	kr -	kr -	kr -	
11709	Andre reiseutgifter utlegg	kr 15 000	kr 15 051	kr 16 000	
11951	Kontingentar	kr 5 000	kr 4 567	kr 10 700	Jmf. FKT årsmøtevedtak
13300	Kjøp av sekretariatstenester	kr 230 000	kr 230 093	kr 294 480	Avtale fom. 1/1-23. Kons.pris reg.
		kr -	kr -	kr -	
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr 685 000	kr 726 484	kr 837 508	Avtale fom. 1/7-21. Kons.pris reg.
12702	Konsulent/rådgj.ten. (Revisjon)	kr -	kr -	kr 201 583	Planarbeid for 2024
12702	Konsulentten. frå ubunde fond	kr 221 064	kr 221 064		
	Ekstra tiltaksmidlar	kr -	kr -	kr 30 000	
	Delsum	<b>kr 1 180 064</b>	<b>kr 1 221 160</b>	<b>kr 1 440 671</b>	
14290	Meirverdiavgift	kr 152 000	kr 305 000	kr 360 168	
17290	Moms-kompensasjon	kr -152 000	kr -305 000	kr -360 168	
		kr -	kr -	kr -	
19400	Bruk av ubunde fond				
	Total budsjetttramme	<b>kr 1 331 064</b>	<b>kr 1 259 516</b>	<b>kr 1 606 072</b>	





---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/36-9  
**Saksbehandlar:**Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	34/23	20.09.2023

### Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

#### Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19 og sak PS 47/21 av 02.12.2021 om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Gunnhild Kristin Borlaug
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2023
Kommunestyret	22.06
Formannskapet	07.06   06.09
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	12.06   30.08
Utval for oppvekst og kultur	30.05   29.08
Utval for plan og utvikling	01.06   29.06   31.08

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/28-13  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	35/23	20.09.2023

## Eventuelt

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Kontrollutvalet stt møte 20.09.23. Oppfølging frå administrasjonen



## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Vedtak i kontrollutvalet 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

### **Vurderingar og verknader**

Dersom det blir teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Då dette er siste møte for kontrollutvalet i valperioden, jmf. gjeldande møteplan, er det lagt opp til oppsummert status ift. pågåande saker. Viser til vedlegg.

### **Konklusjon**

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.

**Fra:** [Hogne Haktorson](#)  
**Til:** [Stord kommune](#)  
**Kopi:** [tommy.johansen@stord.kommune.no](mailto:tommy.johansen@stord.kommune.no); [Mariann Jacobsen Hilt \(Mariann.Jacobsen.Hilt@stord.kommune.no\)](mailto:Mariann.Jacobsen.Hilt@stord.kommune.no); [Marianne Heggholmen Aarbo](#); [Lovise Vestbøstad](#)  
**Emne:** Kontrollutvalet stt møte 20.09.23 - oppfølging frå administrasjonen.  
**Dato:** tirsdag 15. august 2023 15:55:00  
**Vedlegg:** [image001.png](#)

Hei!

Neste møte i kontrollutvalet er 20.09.23 kl. 14.00 i kommunestyresalen.  
 Bestillingar frå kontrollutvalet til kommuneadministrasjonen har kome i form av partsbrev mv. etter ulike møter. Eg prøver her å gje eit samla oversyn.  
 Det er tenkt at saker der administrasjonen skal vera til stades, i hovudsak kjem i starten av møtet.

Bestilling der fristen er gått ut. Minner om saka:

1	Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - oppfølging		KUV 01.12.22: Frist 10.08.23
---	--	--	---------------------------------

Bestillingar der det «kun» er bede om orientering i møtet, altså ikkje bede om nytt sakstfang før møtet:

2	Kommunedirektøren orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS		KUV 22/5-23 PS 19/23
---	---	--	----------------------

Bestillingar med frist 31.08.23:

3	Kommunedirektøren orienterer om kommunal økonomisk bærekraft i Stord kommune (KØB)		KUV 14/2-23 PS 2/23 frist 31.08.23 Rådm. er invitert
4	Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - oppfølging		KUV 14/2-23 PS 3/23 frist 31.08.23
5	Forvaltningsrevisjon innan beredskap - oppfølging		KUV 14/2-23 PS 4/23 frist 31.08.23

Invitasjonar som følgjer av eigne e-postar i dag.

6	Presentasjon ny kommunedirektør Stord kommune		Eigen e-post 15/8-23
7	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden		Eigen e-post 15/8-23

Bestillingar der det er gjeve utsett frist

8	Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming - handlingsplan		KST 11.05.23 PS 12/23 Frist 31.08.23 Ny frist 15.10.23
---	--	--	--

Planlagt som referatsaker:

9	Oversending av dokumentasjon til kontrollutvalet ifm. tilsyn i barne- og avlastningsbustader		KUV 22/5-23 RS 7/23 Er motteke
10	Byggesak Haga – KUV ønskjer kommunen stt vedtak i saka når det ligg føre		KUV 14/2-23 PS 10/23 A Er ikkje motteke

Ut frå gjeldande møteplan er dette kontrollutvalet sitt siste møte i valperiden 2019 – 2023.

Det er enno 5 veker til møtet, så det kan framleis koma nye henvendingar til adm.

Ved svarbrev:

Bruk fortrinnsvis e-post adresse [hogne.haktorson@vlfk.no](mailto:hogne.haktorson@vlfk.no) eller alternativt [kontrollutvalet@vlfk.no](mailto:kontrollutvalet@vlfk.no)  
Det bør ikkje brukast «Svar ut» for post som gjeld kontrollutvalet i Stord kommune, for då kan det koma til feil fagavdeling eller bli forseinka.

Med helsing

**Hogne Haktorson**  
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/206-106  
**Saksbehandlar:** Hogne Haktorson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	36/23	20.09.2023

### Informasjon frå FKT sin fagkonferanse 2023.

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

#### Samandrag

Medlem av kontrollutvalet, samt sekretariatet, deltok på FKT sin fagkonferanse 31. mai til 1. juni 2023. Det vil bli gjeve noko informasjon / «smakebitar» frå konferansen.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Frå kontrollutvalet i Stord kommune deltok Gunnhild Kristin Borlaug på FKT sin fagkonferanse 31. mai til 1. juni 2023. Sekretariatet deltok også.

Det er ein god skikk om dei som er med på konferansar kan informera resten av utvalet i etterkant om litt av det som var oppe på konferansen.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Dei to store årlege nasjonale konferansane med kontrollutvalet og sekretariatet som målgruppe, er desse:

- FKT – Forum for kontroll og tilsyn, fagkonferanse i månadsskiftet mai / juni.
- NKRF – kontroll og revisjon i kommunene, kontrollutvalskonferanse i månadsskiftet januar / februar.

Denne gongen gjeld det FKT sin konferanse. Det er greitt at litt av det som vert opplevt tilflyt resten av utvalet. Derigjennom kan kunnskap for heile utvalet bli styrka. Naturleg nok kan ein ikkje gå i detalj på alt som var oppe på to konferansedagar, men noko informasjon frå konferansen rekk ein i alle fall.

Sekretariatet kan tilby å henta fram nokre av dei mange lysarka frå samlinga som «smakebitar» på kva som var oppe. Gunnhild Kristin Borlaug er velkomen til å supplera med informasjon.

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt gjennom det som vert formidla, så tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.

## **Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med psykisk utviklingshemming - utsett frist.**

### **Informasjon til kontrollutvalet i Stord kommune.**

#### **Kommunestyret fatta slik vedtak 11.05.23 i sak PS 12/2023**

Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Arbeida vidare med å tilby eit tilstrekkeleg variert arbeids- og aktivitetstilbod som er tilpassa behova og ønska til brukarane.
2. Sikra at personar som har fått vedtak om støttekontakt får innfridd tenestene, ev. få tilrettelagt alternative ordningar i ein overgangsperiode.
3. Sikra systematisk oppfølging og førebygging av sjukefråvær i alle avdelingar i eining for habilitering.
4. Arbeida vidare med å sikra at tilsette og vikarar får tilstrekkeleg opplæring i avviksrutinar og kva som skal meldast som avvik, samt sørgja for tilbakemelding til meldar og at avvik blir brukt til læring og forbetring av tenestene.
5. Utarbeida kompetanseplanar for eining for habilitering og underliggende avdelingar.
6. Etablera system for å henta inn og gjera bruk av erfaringar frå brukarar og deira pårørande i forbetningsarbeid.
7. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.08.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Kommunalsjef Anne Karin Fossdal bad om utsett frist i e-post av 08.06.2023 / 17.07.2023.**  
Spørsmålet var sendt via ordførar.

«Eg viser til forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med psykisk utviklingshemming som er gjennomført etter oppdrag frå kontrollutvalet i Stord kommune.

Eg viser vidare til kommunestyrevedtak frå 11.05.23 der «Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.08.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

I arbeidet med denne handlingsplanen er det naudsynt med stor grad av involvering. I desse dagar har eininga fullt fokus på ferieavviklinga som står for døra, det vert jobba med rekruttering og opplæring av ferievikarar. I tida fram til veke 34 vil om lag halvparten av dei fast tilsette ha ferie og det er mindre tid og høve til involvering i systematisk forbetningsarbeid.

Parallelt med forvaltningsrevisjon, har eininga også hatt tilsyn frå statsforvaltar og jobbar no med oppfølgingsarbeid etter dette.

Grunna ferieavvikling og samanfallande arbeid etter tilsyn frå statsforvaltar, bed eg om utsett frist for å levera handlingsplan etter forvaltningsrevisjonen. Eg bed med dette om å få utsett frist til 15.10.23.»

**Kontrollutvalet sin leiar, Fredrik Litleskare, gav slik svar i e-post av 31.07.2023**

Svaret var også sendt via ordfører.

«Viser til vedlagte tilsendte mail. Undertegnede har hatt samtale med Kontrollutvalgets sekretær Hogne Haktorson omkring forespørsel om utsatt frist for innsending av konkret handlingsplan fra 31.08.23 til 15.10.23, etter Forvaltningsrevisjonen om effektivitet og kvalitet i tenester til personer med psykisk utviklingshemming, gitt av vedtak i kommunestyret 11.05.2023.

Undertegnede til liks med sekretæren ønsker en handlingsplan som innehar høy kvalitet etter de punktene som Forvaltningsrevisjonen medførte av vedtak i kommunestyret etter presentasjonen og behandling.

Derav innvilger vi ønske om utvidet frist for innsending av en slik handlingsplan til behandling, i første omgang i Kontrollutvalget Stord Kommune.»

Notat av 11.09.2023.

Hogne Haktorson

Kontrollsjef / sekretær for kontrollutvalet i Stord kommune

Kontrollutvalet Stord kommune ved Heine Haktorsen

Vår dato: 23.06.2023

Vår ref: 2022/5395

Dykkar ref:

## Oversending av dokumentasjon til kontrollutvalet, Stord kommune

Dette gjeld rapport frå tilsyn med helse- og omsorgstenester til barn i barne- og avlastingsbustader i Stord kommune.

Viser til saksprotokoll 22.05.23, Stord kommune, kontrollutvalet.  
Det kjem fram av protokollen at kontrollutvalet ønskjer kopi av Stord kommune sitt svar til statsforvaltar og statsforvaltar si tilbakemelding på svaret.  
Vedlagt her er Stord kommune sitt svar til statsforvaltar.

Med helsing

Anne Karin Fossdal  
Kommunalsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Vedlegg

Fagavdeling RHO  
Borggata 2  
5402 post@stord.kommune.no  
Org. nr 939 866 914

Telefon:



- 1 Handlingsplan som vedlegg til svarbrev
- 2 Handlingsplan
- 3 Attendemelding på oversending av endeleg rapport etter landsomfattande tilsyn med barne- og avlastingsboliger

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår dato: 25.05.2023

Vår ref: 2022/5395

Dykkar ref:

## Handlingsplan som vedlegg til svarbrev

Vedlagt handlingsplan er eit tillegg til svarbrev med attendemelding på endeleg rapport etter landsomfattande tilsyn med barne- og avlastingsbustad i Stord, sak 22/9629 hos Statsforvaltaren.

Med helsing

Esther Aasen Bjelland  
Einingsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Handlingsplan etter tilsyn med barne- og avlastingsbustad

Område	Tiltak	Beskriving	Ansvar	Frist
Tiltaksplanar og medverknad	Utarbeiding av ny rutine for foreldresamtalar	Ny rutine skal innehalde kven som har ansvar for å invitere og gjennomføra samtale, kva tema ein skal snakka om, og kor ofte det skal vere tilbod.	Avdelingsleiar og einingsleiar	30.09.23
	Rutine for felles foreldremøte	Fastsetja kva tid på året årleg møte skal gjennomførast. Vurdere aktuelle tema for møte.	Avdelingsleiar	30.09.23
	Oppretting av mål og tiltak for habilitering/opplæring	Mål og tiltak for habilitering/opplæring skal vere oppretta og tatt i bruk	Fagkoordinator/primærkontakt	01.12.23
Opplæring og rettleiing av tilsette	Kompetanseplan i eining for habilitering	Det er under arbeid ein kompetanseplan for eining for habilitering. Felles kompetanseplan for eininga skal følgjast av ein for avdelinga.	Leiargruppa i eininga	30.09.23
	Opplæring primærkontaktar	Ny opplæring av alle som skal vere primærkontaktar. Nytt stillingsomtalar som er utarbeidd i eininga.	Ressursperson i avdelinga	30.09.23
	Opplæring ASK	Gjennomføra undervisning/fagdag for tilsette frå ressursperson i Stord kommune som er utdanna i ASK.	Einingsleiar	31.10.23
	Opplæring i mål og tiltak i Profil	Ny opplæring for fagkoordinatorar og primærkontakt	Einingsleiar/avdelingsleiar saman med fagavdelinga	30.09.23
	Teammøter med vegleiing	Fagkoordinator kan nytta personalmøte med brukarfokus til vegleiing av kollegaer.	Avdelingsleiar/fagkoordinator	Ikkje eigen frist, kan gjennomførast i allereie planlagde møter
Vurdering, evaluering og eventuell korrigerering av mål og tiltak	Personalmøter med fokus på borna sine mål og tiltak for habilitering/opplæring	Nokon av dei faste personalmøta som er lagt inn i turnus skal vere dedikert til å gå gjennom mål og tiltak for borna. Ved behov så skal ein ha ekstra møter for dette føremålet.	Avdelingsleiar/fagkoordinator	Er sett i verk
	Tilbod om regelmessige foreldresamtalar	Evaluere mål og tiltak, og vurdere eventuelle korrigeringar, saman med foreldra som ein del av faste, planlagde foreldresamtalar.	Fagkoordinator/primærkontakt	01.12.23

Handlingsplan etter tilsyn med barne- og avlastingsbustad

Leinga sin oppfølging	Faste møter mellom leiar og fagkoordinator	Gjennomføre faste møter i forkant av personalmøter som skal ha fokus på borna sine mål og tiltak for å vurdere og planlegge kva ein skal ha fokus på kvar gong.	Avdelingsleiar	Oppstart august 2023
	Rapportere på status for mål og tiltak til einingsleiar	Utarbeide rutinar for å inkludere informasjon om status for mål og tiltak i månedleg rapport til einingsleiar.	Einingsleiar saman med avdelingsleiar.	30.09.23

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår dato: 25.05.2023

Vår ref: 2022/5395

Dykkar ref:

## Attendemelding på rapport etter landsomfattande tilsyn med barne- og avlastingsboliger

Viser til brev frå Statsforvaltaren datert 29.03.23, med oversending av endeleg rapport etter tilsyn med barne- og avlastingsbustad i desember 2022.

I rapporten etter tilsynet har Statsforvaltaren komme til at Stord kommune ikkje sikrar at alle born får forsvarleg tenester i barne- og avlastingsbustad. I det følgjande vil vi gjere greie for kva tiltak som er planlagt og sett i verk for å rette lovbrota som er peika på i rapporten.

På tidspunktet tilsynet vart gjennomført, vart tenestene gitt i eit gammalt bygg som ikkje var optimalt utforma for føremålet og kapasiteten var liten. I januar flytta ein inn i ny og større avlastingsbustad i Sævarhagen. Dette har gjort at ein har fått betre fasilitetar og betre anledning til å gjere individuelle tilpassingar. I samband med innflytting i ny bustad, har ein hatt høve til å gjere nye vurderingar knytt til samansetning av både tenestemottakarar og tenesteytarar. Ein har og auka opp årsverk, der fleire tilsette har fått større stillingar. Det er og tilsett fleire nye i avdelinga etter nyttår, og fagkompetansen er auka. Dette sikrar betre kontinuitet for dei borna som er i avlastinga oftare enn på helg. I ny turnus iverksett 02.01.23 har ein og lagt opp til fleire personal – og teammøter, samt fokus på deltaking i tverrfagleg samarbeid rundt aktuelle barn.

Etter oppstart i nytt bygg, har personalgruppa hatt kontinuerlege vurderingar der ein har gjort hensiktsmessige justeringar i høve samansetting av grupper av tenestemottakarar, basert på deira behov.

Dette har gjort at ein både har justert turnus og samansetting av grupper av tenestemottakarar. Der personal har vurdert endringar som hensiktsmessige, har ein formidla dette til føresette. Erfaringa er at det er forståing for at endringane har vore naudsynte for å ivareta behova til både den einskilde og grupper.

Etter vel 4 månaders drift i nye lokale og med mindre justeringar i turnus og drift, ser ein at flyttinga har vore positiv for både tenestemottakarar og personal. Ny ramme har gitt auka trivsel, aktivitetstilbod og betre anledning til individuell oppfølging. Gode og etterlengta prosesser er sett i gong, men er tidkrevjande.

Statsforvaltaren har i punkt 6 i sin rapport peika på punkt ein forventar at Stord kommune skal gjera for å retta opp i lovbrøt. Vi vil difor prøve å beskrive tiltak under denne oppdelinga.

### 1. Tiltaksplanar og medverknad i utarbeiding av desse

Avlastingsbustaden i Sævarhagen har hatt beskriving av prosedyrar og rutinar i permar for kvart barn. Dette har vore rutinar for korleis følgje opp ADL, ankomst/avreise, kommunikasjon og interesser. Kartlegging av interesser vert i stor grad gjort gjennom samtalar med foreldre, evt. andre nærpersonar ved oppstart av avlasting. For fleire av tenestemottakarane har ein god, uformell kommunikasjon med foreldre og samarbeidspartar, som ikkje er vektlagt i rapport etter tilsyn. Dette vil ein fortsetja med, samstundes som vi tek attendemeldingane knytt til samarbeid på alvor, og vil jobbe for betre rutinar og formelle rammer kring dette.

For å rette opp i at det ikkje har vore gode nok rutinar for å sikra at alle borna har dokumentert dei tiltaka som gjeld habilitering/opplæring og at medverknaden for born og føresette er tatt i vare, så vil vi;

- Utarbeida ny rutine for systematiske foreldresamtalar. Vi legg opp til at det vert tilbod om samtalar x 2 pr år, og at den fyrste vert i samband med oppstart av avlastingstilbod.
- Vidareføra fast felles foreldremøte kvart år. Tidspunkt og tema for foreldremøte vert vurdert i arbeidet. Siste møte var før innflytting i nytt bygg.
- Sikre at rutinar og prosedyrar som i dag er i permar, er godt nok dokumentert i Profil.
- Sørge for at primærkontakt, saman med fagkoordinator, legg inn mål og tiltak på habilitering/opplæring for dei ungane som skal ha det i Profil.
- Ha fokus på samtalar med borna, eller tolking og målretta observasjon av borna i tillegg til samtalar med foreldra, for å sikra brukarmedverknad og hensiktsmessig planlegging og utforming av gode tiltak.

### 2. Opplæring og rettleiing til tilsette

Uavhengig av dette tilsynet, har eining for habilitering sett i gong eit arbeid med å utarbeida kompetanseplan for eininga. Dette ligg inne i årets handlingsplan med frist for gjennomføring 30.09.23.

Stord kommune har ressurspersonar på PAS, som kan bidra til rettleiing av tilsette, utarbeiding av PAS- eller Spell – planar der det kan vere hensiktsmessig og ønskeleg. Deler av personalgruppa er kjend med og nyttar ASK i kvardagen med enkeltbarn. Uavhengig av tilsynet, er det fokus på dette frå Sævarhagen avlasting si side, og auka kompetanse for heile personalgruppa har vore tema ei tid. Plan for opplæring i ASK er difor allereie tenkt inn i kompetanseplanen.

Heilt konkrete opplæringstiltak som er planlagt allereie er;

- Ny opplæring for primærkontaktar. Skal gjennomførast i september.
- Opplæring/fagdag ASK for tilsette i Sævarhagen avlastingsbustad. Stord kommune har ein tilsett som er utdanna innanfor ASK, og ho skal ha undervisning/opplæring etter sommaren. Eksakt dato er ikkje sett enno.
- Ny undervisning i oppretting av mål og tiltak i Profil. E-helsekonsulent i fagavdelinga skal ha opplæring for primærkontaktar og fagkoordinatorar. Vert gjennomført etter ferieavviklinga for å få med og dei nye tilsette.

### 3. Tiltak for vurdering, evaluering og eventuell korrigering av mål og tiltak

Avlastinga har i varierende, men aukande grad blitt invitert med i tverrfagleg samarbeid rundt tenestemottakarane. Deltaking i ansvarsgruppemøter og liknande er ønskeleg og gir anledning til å bidra til/følgje opp avtalte/eksisterande og målretta tiltak rundt barnet, når dei er relevante i avlastingssamanheng.

Nye tiltak;

- Nokre av personalmøta i ny turnus er tenkt til samarbeid kring enkeltbrukarar, med til dømes utarbeiding og evaluering av mål og tiltak, samt planarbeid knytt til enkeltborn eller grupper.
- Evaluering av mål og tiltak vil vere ein naturleg del av regelmessige foreldresamtalar, jf. tiltak under pkt 1.

4. Korleis leiinga vil følgje med på at praksis er i tråd med lovverket

Etter innflytting i ny avlastingsbustad i januar, har avdelingsleiar og assisterande avdelingsleiar fått sin arbeidsplass i avlastingsbustaden. På tidspunktet for tilsynet, hadde dei sine kontor i Leirvik sentrum, 3 km vekk frå avlastinga. Avdelingsleiar ser allereie at det er enklare å ha oversikt og følgje opp tilsette og iverksette tiltak når ein er fysisk til stades i avlastingsbustaden.

Nye tiltak;

- Vernepleiar i turnus får ei formalisert fagkoordinatorrolle knytt til arbeidshelg. Leiar og fagkoordinator har faste møter i forkant av personalmøte for gjennomgang av kva det er naudsynt å arbeide med og for å sikre at avdelingsleiar har naudsynt oversikt over mål og tiltak for habilitering/opplæring.
- Utarbeide rutinar for å inkludere informasjon om status for arbeid med mål og tiltak i månedleg rapport til einingsleiar.

Med helsing

Esther Aasen Bjelland  
Einingsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*



Fra: Hogne Haktorson[]  
Sendt: 16.08.2023 11:28:00  
Til: Stord kommune[post@stord.kommune.no]  
Kopi: Fredrik Ugland Litleskare[fredrik.litleskare@sklbb.no];Litleskare,  
Fredrik[fredrik.litleskare@akersolutions.com];  
Tittel: Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027

---

I tråd med kommunelova § 5-13 skal det fastsetjast reglement for folkevalde organ for tidsperioden som organet er oppretta for.

Kommunelova § 5-13 lyd slik:

**§ 5-13. Reglement for folkevalgte organer**

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a. organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b. tidsperioden som organet er opprettet for
- c. eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet.

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefelleskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

I Vestland fylkeskommune er det sett i gang ein prosess med å utarbeide reglement for alle politiske utval for neste valperiode med tanke på handsaming i konstituerande fylkesting i oktober 2023.

Dersom kommunen er i gang med å revidere sine reglement, og det er tenkt vesentlege endringar i reglementet som gjeld for kontrollutvalet, er det fint om vi kan få tilsend utkast for gjennomsyn med tanke på å komme med innspel, før det vert handsama politisk.

Med helsing

**Hogne Haktorson**  
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.



Sekretariat for kontrollutvalet

Vår dato: 17.08.2023

Vår ref: 2023/5958

Dykkar ref:


## Svar - Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027

Stord kommune har på noverande tidspunkt ikkje planar om å endre noko på reglementet til kontrollutvalet, ved redvidering for valbolken 2023-2028. Skulle dette endre seg, tar med kontakt med sekretariatet for kontrollutvalet, slik at de vert involvert i prosessen.

Med helsing

Wenche Margrethe Johannessen  
valansvarleg

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*



Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]  
Sendt: 23.06.2023 14:04:42  
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]  
Tittel: FKT Medlemsinfo juni 2023

---

Til FKTs medlemmer  
v/kontrollutvalgsledere og ansatte i sekretariat

Se vedlagte dokument

*Med vennlig hilsen*

**Anne-Karin Femanger Pettersen**  
Generalsekretær

---

**Forum for kontroll og tilsyn** / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) / +47 414  
71 166 / [www.fkt.no](http://www.fkt.no)



23. juni 2023

## Kjære medlemmer

Mange av dere folkevalgte vil sannsynligvis ikke fortsette i kontrollutvalget etter valget i september. Til dere vil jeg si takk for nå og lykke til med nye prosjekter. Men mange blir sittende, og dere håper jeg å se igjen på konferanser og samlinger.

Vi håper at sekretariatene kan ha nytte av FKTs nye opplæringspakke når utvalgene skal læres opp. Vi håper også at nyvalgte kontrollutvalgsledere vil delta på Kontrollutvalgslederskolen.

Mer informasjon om konferanser og samlinger kommer. Hold deg også oppdatert ved å følge med på [www.fkt.no](http://www.fkt.no).

### OPPLÆRINGSPAKKE FOR NYE KONTROLLUTVALG

[FKTs opplæringspakke](#) inneholder PowerPoint-presentasjoner med disse temaene: (Nedlastning av presentasjonene krever pålogging til medlemssidene.)

- Roller og samspill
- Planarbeidet
- Arbeid med forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
- Økonomiforvaltningen
- Påseansvaret
- Henvendelser

Her er også en kortversjon av presentasjonen om roller og samspill som kan benyttes i den generelle folkevalgtopplæringen av kommunestyret og fylkesting.

Det er lagt inn tekst i notatfeltet under lysbildene som kan tilpasses og benyttes av foredragsholder. Vi anbefaler at utvalgene får tilsendt presentasjonene med tilhørende notater.

## KONFERANSER OG SAMLINGER

### Kontrollutvalgslederskolen

Kontrollutvalgslederskolen har som mål å gjøre lederne tryggere i rollen. Vi vil tilby faglig innsikt utover det som tilbys i ordinære konferanser. Undervisningen vil være variert. Kontrollutvalgsmedlemmer og sekretærer kan også delta.

- [Del 1, november 2023](#) (dato er ikke bestemt ennå) digital/Teams  
Her legger vi vekt på grunnleggende rolleforståelse og kontrollutvalgets samspill med andre aktører. Andre viktige tema vil være påseansvaret, bestiller-rollen og hvilke verktøy kontrollutvalget har til rådighet. Samlingen blir sannsynligvis arrangert over to dager, (3 + 3 timer).
- [Del 2, 5. og 6. februar 2024](#), Clarion Oslo Airport, Gardermoen  
På den fysiske samlingen legger vi opp til god tid til diskusjoner i grupper om relevante problemstillinger som dukker opp i møter og som kontrollutvalgslederen må være forberedt på. På dag 2 vil håndtering av media være sentralt.

### Sekretariatskonferansen

19. og 20. mars 2024, Quality Airport Hotel Gardermoen

### Fagkonferansen

3. og 4. juni 2024, Quality Airport Hotel Gardermoen

I forbindelse med fagkonferansen, har vi også årsmøte 3. juni.

## PROSJEKTER

FKT og NKRF er godt i gang med et samarbeidsprosjekt om utvikling av normer for sekretariatene.

Følgende anbefalinger ble fastsatt av styrene i FKT og NKRF i slutten av mai:

- [Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene – bestilling, behandling og oppfølging av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll](#)

Formålet med denne er å gi relevant veiledning til kontrollutvalgssekretariat om arbeidet som følger av foreliggende plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Anbefalingen kan også anvendes på andre bestillinger så langt det passer.

- [Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene – møtebok](#)

Formålet med denne er å gi anbefalinger om hvordan kontrollutvalgssekretariatene skal føre protokoll fra kontrollutvalgsmøter.

Samarbeidet med anbefalinger fortsetter videre, og for tiden er to arbeidsgrupper i gang med å utarbeide forslag til anbefalinger for:

- Risiko- og vesentlighetsvurdering (ROV) og plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
- Budsjetten for kontrollarbeidet

Disse kommer på ekstern høring i løpet av høsten.

## ORGANISASJONEN

Du finner styreprotokollene på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Send e-post til [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) hvis du ønsker å få tilsendt brukernavn og passord.

Styrets møtekalender for høsten 2023: 14. august, 16. oktober og 7. desember.

[Protokollen fra årsmøtet 2023 finner du her:](#)

I løpet av det siste halvåret har FKT fått ni nye medlemmer. Disse er: Sekretariatet for kontrollutvalget i region Nordhordland, kontrollutvalgene i Sykkylven, Sula, Giske, Fjord, Stranda, Voss, Fedje og Austrheim kommuner. Velkommen skal dere være!

## NYHETS BREV

I tillegg til medlemsbrev sender FKT ut nyhetsbrev til alle som er interessert.

Personvernreglene krever ditt samtykke hvis du vil ha nyhetsbrev fra FKT. Du kan melde deg på her: [www.fkt.no](http://www.fkt.no) (like under hoved-nyhetene)

Følg oss gjerne på [facebook](#) og på [twitter](#)

*Med ønske om en riktig god sommer og et godt valg!*

**Anne-Karin Femanger Pettersen**

Generalsekretær

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]  
Sendt: 26.06.2023 12:02:00  
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]  
Tittel: Valg og oppl ring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027

---

Til  
kommuner og fylkeskommuner

Kopi:  
FKTs kontrollutvalgs- og sekretariatsmedlemmer

Se vedlagte dokument.

*Med vennlig hilsen*

**Anne-Karin Femanger Pettersen**  
Generalsekret r

---

**Forum for kontroll og tilsyn** / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) / +47 414  
71 166 / [www.fkt.no](http://www.fkt.no)



Til  
kommuner og fylkeskommuner

Attn.:  
Ordfører  
kommunaldirektør / fylkeskommunedirektør  
Byråd / fylkesråd  
Saksansvarlig valgteknisk forberedelse

Oslo 26.7 2023

## **Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027**

Kontrollutvalget er ett av de få lovfestede utvalgene i kommunen/fylkeskommunen - et stadig mer sentralt utvalg, ikke minst på grunn av økt satsing på forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Det gjør også at kommunestyrene og fylkestingene prioriterer utvalget høyere nå enn før. Forum for kontroll og tilsyn ser det som en naturlig og gledelig utvikling.

Kontrollutvalget er ellers spesielt mht. hvem som kan velges. Vi bruker å få meldinger om feil ved valg av kontrollutvalg etter kommune- og fylkestingsvalg. Vi vil derfor gi noen råd og innspill før nytt utvalg skal velges til høsten:

## KOMMUNELOVENS BESTEMMELSER OM VALG AV KONTROLLUTVALG

### § 7-1 Konstituerende møte i kommunestyret og fylkestinget

Kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet, etter valg av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører og varaordfører/fylkesvaraordfører.

### § 23-1 Kontrollutvalget

Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Utelukket fra valg er

- a) Ordfører og varaordfører
- b) Medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet.  
Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen (gjelder også deltidsstillinger)
- g) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret
- h) eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- i) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefelleskap.

Kommunelovens regler om kjønnsmessig balanse gjelder også for kontrollutvalget.



## **KONTROLLUTVALGETS ROLLE I FOLKEVALGTPROGRAMMET**

Kommunestyret og fylkestinget har det øverste ansvaret for å kontrollere kommunens og fylkeskommunens virksomhet. Derfor er det viktig at kontrollutvalgets funksjon og rolle gis god plass i folkevalgtopplæringen.

### **Basisprogrammet**

Vi er kjent med at det i forkant av basisprogrammet i KS sitt folkevalgtprogram 2023-2027, vil arrangeres formøte mellom prosessveileder fra KS og kommunen/fylkeskommunen. FKT oppfordrer til at kontrollutvalgets sekretariat inviteres til møtet. Sekretariatet kan bidra med sin erfaring og gi gode tips om kunnskapsbehovet. Hvis kontrollutvalget skal kunne gjøre en god jobb for kommunestyret og fylkestinget, er det viktig at medlemmene kjenner hele den kommunale/fylkeskommunale virksomheten. Basisprogrammet er i så måte en god anledning og kontrollutvalget bør få tilbud om å delta på opplæringen.

### **Temadager**

KS anbefaler at det arrangeres temadager som kommer i tillegg til basisprogrammet. Her kan kommunen/fylkeskommunen selv legge inn fordypninger i ulike emner. Det er særlig viktig at kommunestyret og fylkestinget kjenner sin styringsrolle og sitt ansvar som øverste ansvarlig for egenkontrollen. Kunnskap om kontrollutvalgets rolle og arbeid er viktige i denne sammenhengen. FKT har laget en PowerPoint-presentasjon, «Roller og samspill» som kan benyttes i den generelle folkevalgtopplæringen av kommunestyret og fylkesting.

## **OPPLÆRING AV KONTROLLUTVALG**

Kontrollutvalget er et lovfestet og viktig utvalg som bør ha dyktige medlemmer. FKT er godt i gang med å planlegge opplæringstiltak for kontrollutvalgene etter valget. Vi vil tilby våre medlemmer en seire PowerPoint-presentasjoner som kan benyttes lokalt evt. regionalt. [https://www.fkt.no/publikasjoner/opplaeringspakke\\_for\\_kontrollutvalg/](https://www.fkt.no/publikasjoner/opplaeringspakke_for_kontrollutvalg/)

Vi vil også tilby et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere. «Kontrollutvalgslederskolen» har som mål å gjøre lederne tryggere i rollen. Vi tilbyr faglig innsikt utover det som tilbys i ordinære konferanser. Del 1 er digital og gjennomføres i november. Her gjennomgår vi grunnleggende opplæring om roller og samspill i den kommunale og fylkeskommunale egenkontrollen. Andre interesserte er velkommen til å delta på del 1. Del 2 er fysisk samling 5.– 6. februar på Gardermoen. Vi vil sende ut invitasjoner mer informasjon om tilbudet etter valget.

Vi oppfordrer kommuner og fylkeskommuner til å avsette tilstrekkelige ressurser i budsjettet for 2024 til opplæring av nytt kontrollutvalg.

FKT er tilgjengelige for spørsmål som måtte dukke opp i forbindelse med valg av kontrollutvalg, egenkontrollens plass i folkevalgtopplæringen og opplæring av kontrollutvalg.

Kopi:

FKTs kontrollutvalgs- og sekretariatsmedlemmer

*Med vennlig hilsen*

**Anne-Karin Femanger Pettersen**

Forum for kontroll og tilsyn

*Forum for kontroll og tilsyn (FKT) ble stiftet i 22. november 2005. Vi har 195 kommuner og 7 fylkeskommuner som medlemmer og vi har 22 kontrollutvalgssekretariat som dekker mer enn 250 kommuner/fylkeskommuner.*

---

**FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN**

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / +47 414 71 166 / fkt@fkt.no / www.fkt.no

